



FYLKESMANNEN I  
MØRE OG ROMSDAL

Notat 23.01.2017

## Årsrapport 2016

### – plansaker hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal



## Årsrapport 2016

### – plansaker hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal

<b>1. FYLKESMANNEN SINE OPPGÅVER I PLANSAKER ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA.....</b>	<b>4</b>
<b>2. PLANLEGGING SOM VERKTØY FOR SAMFUNNSUTVIKLING OG SAMFUNNSENDRING .....</b>	<b>13</b>
<b>3. PLANSTATISTIKK FMMR 2016 .....</b>	<b>19</b>
<b>4. TYPAR PLANSAKER; KOMMUNEVIS.....</b>	<b>26</b>
<b>5. NASJONALE FORVENTNINGAR OG NY RUNDE MED KOMMUNALE PLANSTRATEGIAR .....</b>	<b>29</b>
<b>6. MOTSEGN.....</b>	<b>33</b>
<b>7. MEKLING .....</b>	<b>40</b>
<b>8. DISPENSASJONAR OG KLAGER .....</b>	<b>45</b>
<b>9. OPPSUMMERING .....</b>	<b>48</b>

Sveinung Dimmen  
samordnar

#### **Fylkesmannen i Møre og Romsdal**

Fylkeshuset, 6404 Molde

Tlf.: 71 25 84 20

E-post: [sveinung.dimmen@fylkesmannen.no](mailto:sveinung.dimmen@fylkesmannen.no)

Web: [www.fylkesmannen.no/mr](http://www.fylkesmannen.no/mr)

## Samandrag

Rapporten gir ein samla presentasjon av plansaksbehandlinga etter plan- og bygningslova hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal i 2016. Klagesaksbehandling i plan- og byggesaker lagt til justis- og beredskapsavdelinga er ikkje medrekna her.

Rapporten er basert på vår eigen statistikk med utgangspunkt i plan- og dispensasjonssaker ført i ephorte. Tal og opplysningar omfattar nærare presentasjon av ulike plantypar og plantema. Utviklingstrekk og trendar blir kommentert i lys av samanlikningar med tidlegare års statistikk, både samla sett og korleis dette fordeler seg kommunevis.

I første del av rapporten (kap 1 og 2) er det også tatt med ein del bakgrunnsinformasjon om planlegging/plantypar generelt - og om Fylkesmannens oppdrag og ansvar på planområdet. Nye nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging frå 2015 legg m.a. her viktige rammer og føringar på dette området.

Kort oppsummert viser årsrapporten for 2016 at

- aktiviteten på plansida er stor med t.s. 1149 plansaker/ekspedisjonar, fordelt på 479 plansaker og 640 dispensasjonssaker
- det er stor breidde og variasjon i sakene i forhold til både innhald og kompleksitet; dei fleste plansakene har ein klar tverrfagleg karakter og er avhengig av innspel frå ulike fagavdelingar og fagmiljø hos FM
- plansakene og dispensasjonssaker fordeler seg svært ulikt på kommunane; nokre kommunar har vesentleg større aktivitet og fleire saker enn andre
- talet på motsegner i arealplansaker ligg på nivå med tidlegare år; flest motsegner knyter seg til tema *Barn og unge*, samt manglar i samband med *Støyvurderingar* og *ROS-analyse*
- tidleg medverknad og dialog undervegs i planprosessane gjer at konflikhtar kan avklarast og løysast tidlegare; færre arealplansaker går til mekling
- kompetanse og kapasitet på planområdet varierer mykje kommunane i mellom; utfordringane i forhold til dette er gjerne størst i dei minste kommunane
- FMMR har eit tett samarbeid med fylkeskommunen på plansaksområdet; dette omfattar både kurs, konferansar, nettverkssamlingar, regionalt planforum – samt uformell kontakt gjennom den løpande plansaksbehandlinga
- kommuneplanen som styringsverktøy i kommunalt utviklings- og omstillingsarbeid er styrka; fleire kommunar har som ledd i dette fått på plass oppdaterte kommuneplanar med samfunns- og arealdel
- kommunane er godt i gang med sine planstrategiar for perioden 2016 – 2020 der koplingane til kommunereformarbeidet og etablering av nye kommunar har stått sentralt; alle fagavdelingane hos FM bidrar her aktivt med innspel til våre høyringsbrev til kommunane
- forsøket med statleg samordning av motsegn til kommunale planar har gitt Fylkesmannen ei utvida rolle i forhold til plansamordning; forsøket blir vidareført ut 2017 og vil på bakgrunn av ei samla evaluering kunne gjere dette til ei permanent ordning

## **1. Fylkesmannen sine oppgaver i plansaker etter plan- og bygningslova**

Fylkesmannen har fleire roller og oppgaver innan planlegging etter plan- og bygningslova (pbl). Ei viktig oppgave i planprosessar er å formidle nasjonal politikk innanfor viktige fagområde, der arealpolitikk og miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. Fylkesmannen skal sjå til at nasjonale og regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet, og elles også sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk. Vidare har Fylkesmannen ansvar for behandling av klager på kommunale vedtak i plan- og byggesaker etter lova. Fylkesmannen har også rolle som meklar i plansaker der det ligg føre motsegn. Fylkesmannen har eit særleg ansvar for å orientere om det økonomiske opplegget for kommunesektoren og rettleie kommunane i økonomisk planlegging og forvaltning. Fylkesmannen har også ei viktig oppgave knytt til lokal omstilling og fornying i kommunesektoren. Kommunal planlegging vil i tråd med dette vere eit viktig utviklings- og styringsverktøy – både for kommunen som samfunn og kommunen som organisasjon.

Rammer og retningslinjer for Fylkesmannens roller og oppgaver på planområdet er i hovudsak trekt opp av Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD). Prioriterte oppgaver innan miljø- og arealplanlegging blir også formidla og utdjupa frå Klima- og miljødepartementet og frå Miljødirektoratet til Fylkesmannen i brev, møte og konferansar.

Fylkesmannen har ei viktig rolle etter plan- og bygningslova for å medverke til ei berekraftig utvikling gjennom si oppgave med å samordne ei rekke samfunnssektorar på regionalt nivå. Fylkesmannen har eit overordna miljøansvar, samtidig med eit eige resultatansvar på miljøvern-, forureinings-, naturforvaltnings- og planområdet.

Plan- og bygningslova skal stimulere og samordne den fysiske, miljømessige, økonomiske, sosiale, kulturelle og estetiske utviklinga i kommunen, samt sikre befolkninga høve til å påverke kommunens utvikling. Gjennom arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel skal kommunen vektlegge viktige utfordringar knytt til samfunnsutvikling og synleggjere dei strategiske vala som kommune tar. Særleg viktig er dette for sentrale samfunnsforhold som folkehelse, barn og unge, integrering, næringspolitikk m.m.

Fylkesmannen har eit særleg ansvar for at nasjonal politikk blir formidla og følgd opp i behandling av kommunale og regionale planar. Fylkesmannens oppgaver ved regional- og kommunal planlegging er sentrale verkemiddel for å gjennomføre regjeringa sin politikk på ei rekke område.

Viktige punkt knytt til Fylkesmannen sine oppgaver på planområdet omfattar:

Kommunal planlegging som verktøy og rammeverk

- Kommuneplansystemet etter plan- og bygningslova
- Nasjonale og regionale føringar
- Kommunal planstrategi
- Kommuneplan med samfunnsdel og arealdel

Fylkesmannen er ein viktig høyringsinstans for kommunale plansaker. Aktuelle tema/sjekkpunkt for Fylkesmannen sine høyringsuttalar omfattar m.a.

- Planfaglege merknader; prosess og produkt, konsekvensutgreiingar
- Natur- og miljøvern; naturmangfald, landskap, friluftsliv, strandsone, viltinteresser, vegetasjon, støy, luftforureining, klima,
- Landbruk; jordvern, skogbruk, aktivt landbruk
- Samfunnstryggleik; ROS-analyse
- Barn og unge; Oppvekstmiljø, leikeplassar, trafikksikring
- Universell utforming; tilrettelegging, inkludering, deltaking
- Folkehelse; levekår, nærmiljø
- Regional berekraftig utvikling; samordna bustad, areal og transportplanlegging, senterstruktur og kjøpesenteretablering

Fylkesmannen har eit særleg ansvar for at nasjonal politikk blir formidla og følgd opp i behandling av kommunale og regionale planar

- legge auka vekt på rettleiing og tidleg medverknad i planarbeidet
- formidle tidleg og aktivt dei nasjonale forventningane og nasjonal politikk i den regionale og kommunale planlegginga

Motsegn skal om nødvendig brukast for å sikre at kommunane ikkje vedtar planar i strid med nasjonale og regionale interesser og for å få fram gode løysingar.

#### *Om planoppgåver i Embetsoppdraget for 2016*

For Fylkesmannen sine oppgåver knytt medverknad til kommunal og regional planlegging, kan det visast til *Embetsoppdraget for 2016*. I forhold til tidlegare år er det for 2016 gjort endringar i måten embetsoppdraget med tilhøyrande styringsdokument er disponert og presentert på. For ei samla oversikt; sjå *Styringsportalen for Fylkesmannen 2016* <https://styringsportalen.fylkesmannen.no/2016/> Eit gjennomgåande trekk er større vekt på tverrsektorielle tilnærmingar gjennom samordna mål og strategiar.

Viktige styringsdokument omfattar *Tildelingsbrevet (TB)* og *Virksomhets- og økonomiinstruksen (VØI)*. TB og VØI er likeverdige dokument. TB omfattar tidsavgrensa oppgåver som oppdragsgivar vurderer som naudsynt for å gjennomføre Stortingets vedtak, medan VØI omfattar meir langsiktige oppgåver der forvaltningsansvaret er heimla i lovverket eller er knytt til andre oppgåver av meir varig karakter. TB samlar alle årlege prioriteringar, mål- og resultatkrav og rapporteringskrav. Det er vidare etablert ny målstruktur med 4 rollebaserte hovudmål og 24 delmål. VØI inneheld eit nytt kap 5 som viser overordna oversikt med faste og lovpålagde oppgåver.

### 5.1.2 Bærekraftig arealpolitikk og by- og samfunnsutvikling

<p>Oppgaver</p>
<p>Alle embetene   BLD   HOD   JD   KMD   KLD   LMD   Folk og samfunn   Barn og foreldre   Helse, omsorg og sosial   Miljø og klima   Landbruk og mat   Kommunal styring   Plan og bygg   Samfunnsikkerhet og beredskap</p> <hr/> <p>Fylkesmannen skal legge til grunn regjeringens føringer i sitt arbeid. Det vises særskilt til hensyn som fremgår av Plan- og bygningslovens formål i §§1-1 og 3-1, <i>Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging</i> og statlige retningslinjer og bestemmelser.</p> <p>Fylkesmannen skal formidle nasjonal politikk og prioriteringer tidlig i den regionale og kommunale planleggingen, veilede om riktig forståelse og praktisering av plan- og bygningsloven med tilhørende forskrifter og samarbeide med fylkeskommunen om dette. Fylkesmannen skal påse at konsekvenser for miljø og samfunn er belyst og i nødvendig grad tatt hensyn til i plan- og utbyggingssaker, herunder at samfunnsikkerhet og klimatilpasning er ivaretatt der det er behov for dette.</p> <p><u>Bakgrunnsinformasjon</u></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Fylkesmannen skal ivareta oppgaver i henhold til rundskriv H-2/14 om bruk av innsigelser. DSBs retningslinjer for fylkesmannens bruk av innsigelser på samfunnsikkerhetsområdet skal også ivaretas.</li><li>• Fylkesmannen skal følge opp de statlige planretningslinjene for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging</li><li>• Fylkesmannen skal følge opp statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen, og bistå kommunene i arbeidet med ulovlighetsoppfølging.</li><li>• Forvalte gjeldende rikspolitiske bestemmelse om kjøpesentre, og bidra til at den formidles og følges opp i kommunale og regionale planprosesser</li><li>• Fylkesmannen skal medvirke til at regionale og kommunale kystsoneplaner legger til rette for en balansert bruk og vern av kystsonen, samt at arelbruken på sjø og land sees i sammenheng.</li><li>• Fylkesmannen skal medvirke til at jordvernet ivaretas i kommunale og regionale planer, jf. Stortingets vedtak om jordvernstrategi</li><li>• Fylkesmannen skal følge opp planlegging i fjellområdene, og bidra til å fastlegge langsiktige rammer for fritidsbebyggelse, næringsutvikling, reindrift og infrastrukturiltak, og sikre balanse mellom utbygging og vern.</li><li>• Påse at landskapshensyn vurderes i planer og tiltak, jf. den europeiske landskapskonvensjonen.</li><li>• Fylkesmannen skal følge opp statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging, og bidra til reduserte klimautslipp, mer effektiv energibruk og miljøvennlig energiomlegging i kommunene.</li><li>• Fylkesmannen skal bidra til bærekraftige og miljøtilpassede energiløsninger</li><li>• Fylkesmannen skal bidra til at nasjonale og regionale føringer legges til grunn ved utbygging av fornybar energi og kraftlinjer gjennom oppfølging av enkeltsaker i meldings-, søknads- og detaljplanfasen.</li><li>• Følge opp arbeidet med konseptvalgutredninger for tiltak som kan få vesentlige virkninger for klima, miljø, naturressurser og samfunn, og bidra til beslutningsrelevante plan- og utredningsprogram</li></ul>

- Medvirke til at friluftslivsverdier og allemannsretten ivaretas i plan- og enkeltsaker etter plan- og bygningsloven.
- Fylkesmannen kan klage på enkeltvedtak etter plan- og bygningsloven der nasjonale eller vesentlig regionale interesser blir berørt

Utdrag frå Tildelingsbrevet (TB) 2016:

## 2.6 Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Over hele landet er kommunene i gang med å vurdere og avklare om det er aktuelt å slå seg sammen med nabokommuner. Kommunene skal innen 1. juli fatte vedtak om, og eventuelt med hvilke kommuner, de ønsker å slå seg sammen med. Fylkesmannen skal tilrettelegge for gode lokale prosesser og bistå kommunene i arbeidet med kommunereformen. Fylkesmannen skal på selvstendig grunnlag gjøre en vurdering av de samlede kommunestyrevedtakene og gi råd om framtidig kommunestruktur i fylket.

Landet står overfor utfordringer knyttet til klimaendringer, miljø, urbanisering og befolkningsvekst. Dette utfordrer vår evne til å ivareta helhet og effektivitet i areal- og samfunnsplanleggingen. Denne situasjonen stiller store krav til samhandling mellom offentlig og privat sektor for blant annet å sikre verdiskaping, tilstrekkelig beredskap, god boligforsyning og viktige miljøhensyn. I 2016 skal fylkesmannen bidra til en bærekraftig, trygg og fremtidsrettet samfunnsutvikling og bygge landet gjennom tiltak for mer effektive planprosesser og bedre plankvalitet. Implementering av *Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging*, og satsingsområdene i *Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging* skal bidra til dette.

Fylkesmannen skal fremme boligsosialt arbeid og sikre koordinering og samordning av sektorovergripende oppgaver og virkemidler på tvers av fagområdene, jf. nasjonal strategi *Bolig for velferd* (2014-2020).

### 3 Mål og styringsparametre for 2016

#### 3.1 Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket

##### 3.1.1 Tverrsektorielle delmål

##### 3.1.1.1 En bærekraftig, trygg og fremtidsrettet samfunnsutvikling og arealbruk

Styringsparametere	Resultatmål
Formidling og tidlig dialog for å bidra til at planleggingen ivaretar nasjonale og viktige regionale hensyn.	FM har hatt dialog med og formidlet nasjonale og regionale hensyn til alle kommuner i fylket.
Kommuner, fylkeskommuner og staten legger statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging til grunn for sin planlegging.	Prinsippene i de statlige planretningslinjene er lagt til grunn i alle relevante regionale og kommunale planer.
Fylkesmannens bidrag til gode og effektive planprosesser gjennom god samordning av nasjonale og viktige regionale interesser.	Andel relevante kommunale og regionale planer med tidlig medvirkning: 100%
	Mekling i planer med uløste innsigelser: 100%

Vurdering av konsekvenser av klimaendringer i planer.	Alle planer etter plan- og bygningsloven er vurdert med hensyn til klimaendringer.
Vurdering av hensyn til samfunnssikkerhet i planer	Alle planer etter plan- og bygningsloven er vurdert med hensyn til samfunnssikkerhet.
Forvaltning av landbrukets og reindriftens arealressurser.	Landbrukets og reindriftens arealressurser er ivaretatt i alle planprosesser.
	Reduksjon i omdisponering av dyrket mark sammenlignet med 2014.
Oppfølging av kommunenes tilrettelegging for tilstrekkelig og variert boligbygging.	Alle relevante kommuner i storbyområdene tilrettelegger aktivt for boligbygging.

Oppdrag
<ul style="list-style-type: none"> <li>Fylkesmannen skal i dialog med kommunene om planarbeid, integrering, folkehelse, barn- og unges oppvekstvilkår, universell utforming og sosiale tjenester, etterspørre og oppfordre kommunene til og å ta opp boligsosiale hensyn.</li> <li>Fylkesmannen skal i samarbeid med Kartverket motivere gjenstående kommuner til å etablere lovpålagt elektronisk planregister og en effektiv elektronisk plandialog med innbyggerne.</li> <li>Fylkesmannen skal bidra til gode og effektive planprosesser gjennom god samordning av nasjonale interesser. Innsigelser til kommunale planer begrenses til saker av nasjonal eller viktig regional karakter.</li> <li>Følge opp forsøk med samordning av statlige innsigelser, jf. brev av 03.09.2013 og 23.03.2015 til fylkesmannsembetene.</li> <li>Fylkesmannen skal bidra til å sikre reindriftens arealer gjennom å dokumentere reindriftens arealbruk og rettigheter, samordne planleggingen på tvers av kommune- og fylkesgrensene, samt arbeide for økt forståelse for reindriftens bruk av arealer.</li> <li>Fylkesmannen skal legge til rette for at reindriften kommer tidlig inn i planprosessene, og at plan- og bygningslovens særlige krav knyttet til deltagelse og medvirkning fra reindriften blir ivaretatt.</li> </ul>

### **Behandling av kommunale plansaker hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal**

Virksomhets- og økonomiinstruksen (VØI) og Tildelingsbrevet for 2016 (TB16) utgjør sammen med Strategiplan for FMMR 2015 – 2018 et viktig bakteppe for embetet sine faglige prioriteringer i plansaksbehandlingen. Strategiplanen har tre prioriterte satsingsområder, alle med direkte eller indirekte betydning for plansaksbehandlingen. Dette omfatter: Betre oppvekst, Kommunereform og Samordning av statlige motsegner i kommunale planer

Fylkesmannen er høringspart for alle kommunale plan- og dispensasjonssaker etter plan- og bygningslova. Den interne organisasjonsstrukturen legger viktige rammer og føringer for plansaksbehandlingen. Organisasjonskartet for Fylkesmannen i Møre og Romsdal viser ei inndeling med embetsleier, administrasjonsstab, samordningsstab og fem fagavdelinger.



## Organisasjonskart FMMR



---

### *Interne prosedyrar og fullmakter*

Plan- og dispensasjonssaker som omfattar fleire avdelingar hos Fylkesmannen krev samordning i forhold til saksbehandling, ansvar og avveging av interesser. Hos FMMR er det etablert faste rutinar for dette.


Formålet med den interne organiseringa av plansamordninga er å finne gode løysingar i skjæringspunktet mellom nasjonale, regionale og lokale mål og interesser.

Fagsaksbehandlarar knytt til ulike fagavdelingar og fagområde vil i prinsippet kunne trekkast aktivt inn, avhengig av sakstype og saksfelt. Dette vil kunne omfatte både plansaker og dispensasjonssaker. Klagesaker og byggeskar etter plan- og bygningslova vil i hovudsak vere lagt til Justis- og beredskapsavdelinga. Desse sakene er ikkje del av plansamordninga.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal deltar frå 01.04.2015 i den utvida forsøksordninga med statleg samordning av motsegn av kommunale planar. I samband med dette er det laga eigne rutinar og prosedyrar for plansaker som omfattar innspel frå andre statsetatar. For ein nærare presentasjon og gjennomgang av denne forsøksordninga kan det visast til kap. 1.5.

Innkomne plan- og dispensasjonssaker blir registrert i arkivet og direkte fordelt på fem faste hovudsaksbehandlarar som opprettar felles brev i ephorte. Innspel knytt til ulike fagtema vil i prinsippet kunne kome frå alle dei fem fagavdelingane og blir vidare koordinert av hovudsaksbehandlar før brevet blir ferdigstilt og godkjent/utsendt av plansamordnar.

## Behandling plansaker FMMR



Dei faste hovudsaksbehandlarane med oppgåver knytt til plan- og dispensasjonssaker etter plan- og bygningslova har delt kommunane i fylket mellom seg. Denne ordninga opnar for tett kontakt og god erfarings- og kunnskapsutveksling mellom Fylkesmannen og den enkelte kommunen. Alle utgåande brev går via plansamordnar. Ved motsegn i arealplansaker blir dette løfta til embetsleiinga.

## Kommunefordeling plansaker

- Annbjørg Backer
- Jonann Mittet Enksen
- Kari Bjørney
- Kristin Eide
- Lars Kringstad



## Tematisk sjekkliste for høyringssvar

Høyringssvaret frå Fylkesmannen vil kunne omfatte merknader og vurderingar knytt til ei rekke ulike tema/fagområde.



### Aktuelle «sjekkliste-punkt» knytt til kommunal planlegging

- Planfaglege merknader;
  - prosess og produkt
- Natur- og miljøvern;
  - landskap, friluftsliv, strandsone, naturmangfald, grønstruktur...
- Landbruk;
  - jordvern, skogbruk, aktivt landbruk...
- Samfunnstryggleik;
  - ROS-analyse, klima...
- Universell utforming;
  - tilrettelegging, inkludering, deltaking...
- Barn og unge;
  - Oppvekstmiljø, leikeplassar, trafikkisikring...
- Folkehelse;
  - levekår, nærmiljø...



Som eit viktig grunnlag for Fylkesmannen sine tilbakemeldingar til kommunane er det utarbeidd eit eige kunnskaps- og vurderingsgrunnlag for merknader og motsegner i kommunale plansaker.

Dokumentet er disponert som ei tematisk sjekkliste med gjennomgang av aktuelle moment og vurderingar knytt til ulike fagområde. Dette er i første rekke tenkt til internt bruk som eit felles kunnskapsgrunnlag og arbeidsverktøy knytt til arbeidet med plan- og dispensasjonssaker i embetet.

Ny, oppdatert kunnskap, lenker og eksempel på «standardtekstar» vil kunne leggjast inn fortløpande. Dette vil i hovudsak basere seg på direkte innspel/innlegg frå dei ulike fagavdelingane/fagmiljøa. Vidare redigering, og kvalitetssikring må her følgjast opp kontinuerleg.

Ei viktig målsetting for dette arbeidet er m.a. knytt til å

- vidareformidle nasjonale føringar på planområdet
- presisere kommunens ansvar som planmyndigheit
- tydeleggjere Fylkesmannens rolle i planprosessane
- referere til dokument med overordna føringar for Fylkesmannen sine fagområde

### *Opplæring og kompetansebygging*

Fylkesmannen har saman med fylkeskommunen eit viktig ansvar for rettleiing og kunnskapsformidling retta mot kommunane på planområdet. Regionalt planforum og regionale plannettverk, begge i regi av fylkeskommunen, er viktige arenaer for samhandling og erfaringsutveksling rundt kommunalt planarbeid. Representantar frå Fylkesmannen deltar aktivt på desse møta/samlingane. Fylkesmannen og fylkeskommunen har elles i det daglege eit tett og nært uformelt samarbeid på planområdet.

Planavdelinga i Kommunal- og moderniseringsdepartementet disponerer midlar over statsbudsjettet knytt til kompetanseutvikling og opplæringstiltak i kommunane innanfor plan- og bygningslova. Fylkesmannen i Møre og Romsdal i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune fekk i 2016 på bakgrunn av søknad tildelt kr. 150.000 til kompetanseutvikling og opplæringstiltak.

Fylkesmannen og fylkeskommunen har som mål å samarbeide om ein større plankonferanse annan kvart år. Hausten 2016 vart det gjennomført ein slik felleskonferanse over to dagar. Konferansen blei gjennomført 17.- 18.10.2016 på Scandic Seilet i Molde med om lag 130 deltakarar. Konferansen hadde kommunane som hovudmålgruppe, men opna også for deltaking frå private konsulentar og rådgivarar. Aktuelle deltema omfatta m.a. *universell utforming, deltaking og medverknad i kommunale planprosessar, samordna bustad-, areal og transportplanlegging, og naturmangfald i kommunale arealplanar.*

### *Felles samarbeidsavtale mellom Fylkesmannen og fylkeskommunen*

I Møre og Romsdal har fylkeskommunen og Fylkesmannen inngått ein samarbeidsavtale knytt til fleire felles innsatsområde – mellom desse tiltak retta mot barn og unge sine interesser i det kommunale planarbeidet. Både fylkeskommunen og Fylkesmannen i sine høyringsmerknader til kommunale planar utfordra kommunane i forhold til å ta særskild omsyn til barn og unge sine interesser. Dette omfattar m.a. krav til gode og trygge oppvekstmiljø gjennom tilrettelegging og opparbeiding av leikeplassar, friareal og gang- og sykkelveggar. Fylkesmannen har frå 2012 hatt eit særskilt søkelys på barn og unge sine oppvekstvilkår gjennom satsinga Betre oppvekst. FNs barnekonvensjon har vore ein viktig referanse for dette arbeidet. Fylkeskommunen har på si side hatt barn og unge som eit gjennomgåande perspektiv i regional planstrategi og i fylkesplanarbeidet. På bakgrunn av dette tok Fylkesmannen og fylkeskommunen i fellesskap initiativ til å invitere alle kommunane i fylket til å kartlegge tenester og oppvekstvilkår i lys av FN sin barnekonvensjon. Sluttrapporten frå kommunekartlegginga; Barnebyks, vart ferdigstilt og presentert på ein stor tverrfagleg oppvekstkonferanse i Ålesund september 2016.

## 2. Planlegging som verktøy for samfunnsutvikling og samfunnsendring

Den kommunale planlegginga skal etter plan- og bygningslova samordne både den fysiske, økonomiske, sosiale og kulturelle utviklinga. Kommunal planlegging er i lys av dette eit viktig verktøy for utvikling og styring både av kommunen som samfunn og kommunen som organisasjon.

Eit viktig prinsipp i den nye plan- og bygningslova (pbl 2008) er ei sterkare kopling mellom samfunnsdelen og arealdelen i kommuneplanen. Kommuneplanens samfunnsdel vil med utgangspunkt i den kommunale planstrategien gi overordna mål og føringar for utvikling av kommunen som samfunn og organisasjon. Dette dannar utgangspunkt for arealdelen som i neste omgang gir retning og rammer for den vidare fysiske detaljplanlegginga gjennom område- eller detaljregulering.

Kommuneplanen vil også etter behov gi grunnlag for utarbeiding av kommunedelplanar for bestemte område, tema eller verksemdsområde i kommunen. Kommuneplanarbeidet heng også tett saman med andre planprosessar, styringssystem og rapporteringsverktøy i kommunen. Kommuneplanen skal ha ein handlingsdel som viser korleis planen vidare skal følgjast opp i løpet av neste fire-årsperiode, og skal gjennomgå ein årleg revisjon. Økonomiplanen etter kommunelova sin §44 kan inngå i handlingsdelen. Utfordringa for mange kommunar er å utvikle kommuneplansystemet til eit integrert og heilskapleg styringsverktøy for administrative og politiske vurderingar og prioriteringar. Arbeidet med den kommunale planstrategien vil her kunne inngå som eit viktig grep.

Gjennom arbeidet med kommunale planstrategiar for perioden 2011 – 2015 ser vi også at kommunane i sterkare grad har retta søkelyset mot ei meir systematisk, tverrsektoriell og langsiktig planleggingstenking. Dette ser vi m.a. i forhold til tema som *folkehelse* og *levkår*. Med den nye *Folkehelselova* og med *Samhandlingsreforma* har kommunane m.a. fått eit større ansvar knytt til førebyggjande folkehelsearbeid. Folkehelse og levkår vil slik kunne løftast opp og inngå som eit gjennomgåande perspektiv i den kommunale planlegginga.

I tråd med mål nedfelt i dei kommunale planstrategiane for 2011 – 2015, har dei fleste kommunane gjennomført revisjon av sine kommuneplanar i løpet av denne perioden. Kommunane har i 2016 starta arbeidet med ny runde med kommunale planstrategiar.

### *Regjeringsskifte og ny departementsstruktur*

Planseksjonen i tidlegare Miljøverndepartementet vart frå 01.01.2014 overført til det nye Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD); sjå <http://www.regjeringen.no/nb/dep/kmd.html?id=504> Med dette er både plan- og byggesaker etter plan- og bygningslova samla i eitt departement.

Planavdelinga sine hovudoppgåver omfattar m.a.

- Oppgåver som øvste nasjonale administrative planmyndigheit
- Sektorovergripande samordnarrolle
- Ansvar for regional arealpolitikk
- Ansvar for utvikling av samfunnsplanlegging som styringsverktøy for kommunane
- Utarbeide nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging

- Søkelys på byutvikling og bypolitikk
- Søkelys på planlegging i LNF-område, strandsone, fjell, utmark, distrikt m.v.
- Politikkutvikling for geodata og eigedomsdata
- Etatsstyring av Kartverket

Vi viser elles til viktige styringssignal frå departementet knytt til at:

- Flest mulig saker skal løysast så tidleg som råd
- Krav om meir effektiv behandling av plansaker etter pbl
- Sørge for tidleg medverknad og dialog
- Viktige interesser skal kome fram så tidleg som mulig
- Rask og effektiv saksbehandling
- Omsynet til lokaldemokratiet skal tilleggast større vekt
- Motsegn skal berre fremjast når nødvendig og skal alltid grunnigvast konkret. Fylkesmann og fylkeskommune skal samarbeide og samordne motsegner m.a. gjennom bruk av planforum og gjennom mekling.

For meir om KMD sine oppgåver etter plan- og bygningslova; sjå

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kmd/tema/plan--og-bygningsloven.html?id=748189>

Frå KMD si side blir det elles peika på at i forhold til plansaker ligg både *Plan- og bygningslova* og *Naturmangfoldlova* fast. Det same gjeld for statlege planretningslinjer og statlege planbestemmelsar. Regjeringa har likevel varsla at det på sikt vil kunne bli endringar både knytt til lovverk, rammer og retningslinjer. Regjeringa har også gitt politiske signal og føringar knytt til praksis rundt regional og kommunal planlegging og plansaksbehandling. Krav om forenkling, fornying og forbetring av offentleg forvaltning har blitt løfta fram. Regional og kommunal planlegging vil i lys av dette vere eit viktig styringsreiskap for samfunnsutvikling og omstilling.

Viktige politiske signal frå regjeringa er knytt til eit overordna mål om «raskere og meir forutsigbare prosesser med sterkere lokaldemokratisk forankring».

Søkelys på lovendringar og forenkling omfattar m.a.:

- Forenklingar i plandelen av plan- og bygningslova
- Revisjon av KU-forskrifta
- 4-årige evalueringsprogram for plan- og bygningslova
- Digitalisering av offentleg forvaltning og arbeidsprosessar

Vidare er innsatsen retta mot tidleg medverknad og betre samordning:

- Vekt på gode planprosesser der interessene kjem fram tidligare og tydelegare
- Forsøk med samordning av statlege interesser i planlegginga blir utvida
- Nye statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging
- Nye nasjonale forventningar blir vedtatt i 2015

Det blir også peika på samfunnssikkerheit og klimatilpassing med søkelys på betre rettleiing og samordning. Erfaringar frå dei siste åra viser at dårleg planlegging medverkar til naturskadar.

Arbeidet med ny kommunereform har som eitt av fleire hovudmål styrking av samordna lokal og regional utvikling i alle deler av landet. Det skal gjerast utgreiingar på regionalt nivå. Arbeidet med kommunal planstrategi il her kunne vere eit nyttig verktøy.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har samla aktuell informasjon om kommunal planlegging på sine heimesider; sjå <https://www.regjeringen.no/no/tema/plan-bygg-og-eiendom/plan--og-bygningsloven/plan/kommunal-planlegging/kommuneplanlegging/id418034/>



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

### Plantypar og planoppgåver etter plannivå

Nivå	Retningsgivende planer	Midlertidig båndlegging	Bindende arealplaner
Nasjonalt	Nasjonale forventninger Statlige planretningslinjer	Statlige planbestemmelser	Statlig arealplan
Regionalt	Regional planstrategi Regionale planer	Regional planbestemmelse	
Lokalt	Kommunal planstrategi Kommuneplanens samfunnsdel	Inngår i bindende planer	Kommuneplanens arealdel Reguleringsplan

Planlegging etter plan- og bygningslova omfattar ulike plantypar og aktivitetar knytt til ulike plan-/forvaltningsnivå. Dette stiller krav om samordning; både vertikalt mellom dei ulike forvaltningsnivåa – og horisontalt mellom ulike plantema eller plantypar.

#### Nasjonale forventningar

Viktige planpolitiske føringar for arbeidet med regional og kommunal planlegging er forankra i plan- og bygningslova 6-1 om Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Regjeringa skal kvart fjerde år legge fram utarbeide eit eige dokument med nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Dette saman med statlege planretningslinjer og statlege planbestemmelsar legg viktige rammer og føringar for all offentleg planlegging.

Formålet med dei nasjonale forventningane er er retta mot følgjande forhold:

- det peikar på mål, oppgåver og interesser som regjeringa meiner det er viktig at fylkeskommunen og kommunane legg vekt på i si planlegging etter pbl i den komande 4-årsperioden (2015 – 2019)
- det skal leggest til grunn for dei nye fylkestinga og kommunestyra sitt arbeid med regionale og kommunale planstrategiar og for statleg medverknad i planlegginga
- det skal medverke til ei styrking av samanhengen mellom plannivåa
- det er ikkje uttømande, men må sjåast i samanheng med gjeldande regelverk og rettleiing

#### *Nye nasjonale forventningar 2015 og ny runde med regionale og kommunale planstrategiar*

Mange av dei politiske styringssignala frå den nye regjeringa er samla og systematisert i dei nye nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging vart vedtatt ved kongeleg resolusjon 12.06.2015; sjå

[https://www.regjeringen.no/contentassets/2f826bdf1ef342d5a917699e8432ca11/2015\\_nasjonale\\_forventningar.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/2f826bdf1ef342d5a917699e8432ca11/2015_nasjonale_forventningar.pdf)

Det nye forventningsdokumentet er utarbeidd av Kommunal- og moderniseringsdepartementet i samarbeid med andre berørte departement, og erstattar tilsvarende forventningsdokument T-1497 frå 2011.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet peikar på at er det nye nasjonale forventningsdokumentet innhaldsmessig er kortare og omfattar færre og meir prioriterte forventningar enn tilsvarende dokument frå 2011. Forventningane er knytt til tre hovudtema:

- Gode og effektive planprosessar
- Berekraftig areal- og samfunnsutvikling
- Attraktive og klimavennlege by- og tettstadsområde

Dei nasjonale forventningane samlar mål, oppgåver og interesser som regjeringa forventar at fylkeskommunane og kommunane legg særleg vekt på i åra framover. Dokumentet er retningsgivande for regional og kommunal planlegging, men er likevel ikkje uttømande for alle oppgåver og omsyn som fylkeskommunane og kommunane skal ivareta etter plan- og bygningslova. Dokumentet må derfor sjåast i samanheng med gjeldande regelverk og rettleiing.

Forventningsdokumentet legg elles viktige rammer og føringar for arbeidet med ny runde med regionale og kommunale planstrategiar. Alle fylkeskommunar og kommunar skal ha fastsett sin planstrategi seinast innan eitt år etter konstituering av nye fylkesting og kommunestyre etter fylkestings- og kommunestyrevalet hausten 2015.

Sett frå Fylkesmannen si side vil det her vere ei viktig oppgåve å formidle nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, samt å koordinere medverknad frå regionale statsetatar i arbeidet med det regionale og kommunale planstrategiarbeidet.

#### *Statlege planretningslinjer*



Nasjonale forventningar til planlegging etter plan- og bygningslova kjem også til uttrykk gjennom statlege planretningslinjer (SPR). Kommunane skal legge desse til grunn for si planlegging. Planretningslinjene er heimla i [plan- og bygningsloven § 6-2](#) om statlege retningslinjer, og vart tidlegare kalla rikspolitiske retningslinjer (RPR). Statlege planretningslinjer er tydelege på kva mål og verdiar som skal leggest til grunn for planlegginga og korleis ulike interesser og omsyn skal ivaretakast og avvegast. Eit formål med planretningslinjene er å markere nasjonal politikk på område som er spesielt viktige med tanke på vidare oppfølging i planlegginga.

Planretningslinjene omfattar ulike spørsmål innan statleg, regional og kommunal planlegging etter lova, jf. [plan- og bygningsloven § 1–1](#) om lovas formål og [§ 3–1](#) om oppgåver og omsyn i planlegging etter lova.

Desse planretningslinjene gjeld:

- [Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging](#) (2014)
- [Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen](#) (2011)
- [Statlig planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunene](#) (2009)
- [Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen](#) (1995)
- [Rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag](#) (1994)

#### *Statlege planbestemmelsar SPB (tidlegare RPB)*

Statlege bestemmelsar/føresegner, jf. [plan- og bygningsloven § 6-3](#) om statlege planbestemmelser, blir nytta for å konkretisere dei nasjonale forventningane og markere nasjonal politikk på viktige område i planlegginga.

Statlege planbestemmelsar gjeld for eit tidsrom på inntil ti år, og er iet forbod mot iverksetting av særskilde varsla bygge- eller anleggstiltak utan samtykke av departementet, eller berre i samsvar med bindande arealdel av kommuneplan eller reguleringsplan. Dette omfattar m.a. [Rikspolitisk bestemmelse om kjøpesentre](#) (2008)


#### *Regional og kommunal planstrategi*

*Regional og kommunal planstrategi* er innført som nye verktøy i plan- og bygningslova (pbl 2008). I samsvar med pbl § 10-1 skal er kommunane pålagde utarbeide ein kommunal planstrategi i kvar kommunestyreperiode, og seinast eitt år etter konstituering av nytt kommunestyre. Formålet er å klargjere kva planoppgåver kommunen bør starte opp eller vidareføre for å legge til rette for ei ønska utvikling i kommunen. Fylkestinget skal i løpet av den same perioden vedta ein regional planstrategi som skal avklare dei regionale planbehova. Fylkeskommunen bør i samarbeid med kommunane her legge opp til eit opplegg som sikrar samordning. Arbeidet med den kommunale planstrategien vil også kunne rette søkelys mot ei nærare drøfting og avklaring av behovet for interkommunalt samarbeid.

Gjennom vedtaket av den kommunale planstrategien skal kommunestyret ta stilling til om kommuneplanen skal reviderast heilt eller delvis. Planstrategien vil elles vere eit nyttig verktøy for å vurdere kommunens plansystem, planressursar og samla planbehov i

kommunestyreperioden knytt til ulike typar kommunedelplanar (temaplanar, sektorplanar og områdeplanar). For ein nærare presentasjon og gjennomgang av arbeidet med kommunale planstrategiar, viser vi til departementet sin rettleiar

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/kommunal-planstrategi/id652436/>



Figur 1. Kommunal planstrategi i det kommunale plansystemet.

### Nye nasjonale forventningar og ny runde med kommunale planstrategiar

Nye nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging vart vedtatt i juni 2015. Forventningsdokumentet legg viktige føringar for kommunane sitt arbeid med utarbeiding av neste runde med kommunale planstrategiar for perioden 2016 – 2020. Arbeidet med kommunale planstrategiar vil elles også kunne inngå som eit viktig verktøy og kunnskapsgrunnlag knytt til det pågåande kommunereformarbeidet. Kommunal planstrategi og forholdet til kommunereforma er elles nærare kommentert i eit eige brev frå KMD v/statsråden adressert til alle kommunane, fylkeskommunane og fylkesmennene. Det blir her m.a. peika på at kommunereforma vil medføre vesentleg endra føresetnader for den kommunale planlegginga. Den kommunale planstrategien vil her vere eit viktig verktøy for å vurdere kva planoppgåver som skal prioriterast i lys av nye kommunesamanslåingar.

Departementet har særskilt påpeika fylkeskommunen og Fylkesmannen sine oppgåver med å sjå til at kommunane har oppdaterte kommuneplanar. Behovet for oppdaterte kommuneplanar vil vere eit viktig vilkår for utvikling og styring av kommunane som samfunn og som organisasjon. Vi ser her at fleire av kommunane i vårt fylke har gamle/utdaterte kommuneplanar. I samband med førre planstrategirunde varsla dei fleste kommunane oppstart med hovudrullering av sine kommuneplanar for planperioden 2011 – 2015. Dette omfatta både samfunns- og arealdelen. Dei fleste av fylket sine 36 kommunar er no godt i gang med eller i ferd med å starte opp med slik rullering. Både kompetanse og kapasitet på planområdet er utfordrande for mange av kommunane. Behovet for tett dialog og fagleg oppfølging frå fylkeskommunen og Fylkesmannen vil her vere viktig.

### 3. Planstatistikk FMMR 2016

Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FMMR) har i 2016 behandla 1149 plan- og dispensasjonssaker (ekspedisjonar) etter plan- og bygningslova. Klagesaksbehandling i plan- og byggesaker lagt til justis- og beredskapsavdelinga er ikkje medrekna her.

Statistikken for 2016 viser at aktiviteten på plansida er stor. For perioden 2010 – 2016 er det berre eitt år tidlegare registrert fleire saker/ekspedisjonar. Denne auken skuldast åleine at talet på dispensasjonssaker er høgare enn nokon gong tidlegare. Dette samstundes som talet på både reguleringsplansaker og kommuneplansaker har gått tilbake. Av plansaker er det i 2016 elles registrert 22 saker knytt til kommunale planstrategiar.

Ei generell utfordring for fleire av kommunane vil vere mangel på oppdaterte planar – i første rekke på oversikts-/kommuneplannivå. Samla sett er likevel status for kommunane i fylket vesentleg styrka på dette området. Dette som ein direkte konsekvens av rulleringsarbeid av kommuneplanens samfunns- og arealdel i samband med førre runde med kommunale planstrategiar for perioden 2011 – 2015. Fleire kommunar har i løpet av perioden fullført rulleringsarbeidet og har gjort vedtak, medan andre framleis er i prosess. Nokre kommunar er enno ikkje i gang, eller i ein tidleg fase. Sjå tabellar under for kommunevis status for vedtaksår knytt til kommuneplanens samfunns- og arealdel – og for kommuneplansaker på høyring i 2015 og 2016.

Eit generelt inntrykk er at kommunane i aukande grad prioriterer det tverrfaglege, strategiske og langsiktige kommuneplanarbeidet. Koplinga mellom kommuneplanens samfunnsdel og kommuneplanens arealdel er tett og tydeleg. Dei fleste kommunane har følgd vår tilråding om å starte med kommuneplanens samfunnsdel. Denne vil i neste omgang gi viktige rammer og føringar for det vidare arbeidet med kommuneplanens arealdel. Vi ser elles at arbeidet med arealdelen er svært omfattande og arbeidskrevjande, med planprosessar som gjerne strekker seg over fleire år. Dette inneber gjerne offentlege høyringar i fleire rundar, samt dialog og drøftingar mellom ulike faginstansar og interessentar under vegs.

Årsakene til at talet på dispensasjonssaker framleis held seg høgt kan vere fleire og ulike. Ei rekke ulike forhold, ofte av lokal karakter, vil her kunne spele inn. Det er også viktig å understreke at det innhaldsmessig er stort spenn i innhald/tema for desse sakene. Det er likevel ei klar målsetting om at plan som prinsipp bør leggest til grunn for dei fleste typar utbyggingstiltak. Krav til oppdaterte planar, i første rekke på kommuneplannivå vil her kunne gjere at behovet for dispensasjon blir mindre.

Statistikk for kommunevis oversikt knytt arbeidet med kommunale planstrategiar er presentert i kap. 5.

## Kommuneplanoversikt - status pr 31.12.2016

Kommune	KP Samfunnsdel - plan vedtatt	KP Arealdel - plan vedtatt
Aukra	2011	2016
Aure	2008	2008
Averøy	2015	2009
Eide	2005	2005
Fræna	2005	2014
Giske	2014	2009
Gjemnes	2003	2003
Halsa	2012	1998
Haram	2007	1999
Hareid	2006	2012
Herøy	2013	2014
Kristiansund	**2012	2011
Midsund	2011	1997
Molde	2016	2016
Neset	2012	2012
Norddal	2007	2011
Rauma	2013	*2003
Rindal	2015	2014
Sande	2009	2016
Sandøy	2011	2015
Skodje	2016	2007
Smøla	2007	2008
Stordal	2014	2003
Stranda	-	1992
Sula	2011	2015
Sunnadal	2014	*2007
Surnadal	2014	2007
Sykkylven	2011	2013
Tingvoll	2014	2015
Ulstein	2009	2011
Vanylven	2009	2014
Vestnes	2015	2015
Volda	2016	*1990
Ørskog	2007	2006
Ørsta	2012	*1991
Ålesund	2016	2008

Tabell: Vedtaksår for gjeldende kommuneplan; samfunnsdel og arealdel;

- brun/grøn markering for ny plan vedtatt 2011 – 2015/2016
- gul markering for planarbeid i prosess (revisjon/rullering pågår)

Merk:

\* K-plan arealdel nedprioritert til fordel for K-delplan for sentrumsområda; samla k-plan arealdel vil kome som ei vidare oppfølging

\*\*Lett rullering/oppdatering av k-plan frå 2007

## Plansaker og dispensasjonssaker etter pbl; samla årsoversikt 2010 - 2016

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Reguleringsplan	459	480	496	471	477	*400	414
Kommune(del)plan	36	37	48	86	56	*44	40
Kommunal planstrategi	x	x	31	5	x	x	24
Regionale planar	-	-	6	5	2	4	2
Plansaker samla	495	517	584	567	530	*448	479
Disp.saker samla	628	520	605	533	605	638	640
Sum planar og disp.	1123	1032	1189	1100	1140	*1086	1119
Motsegner (tal planar)	39	62	63	64	58	*80	79
Samordningssaker statleg motseg						21	22
Meklingsmøte	4	7	6	8	3	3	4
Planar sendt departementet	2	0	3	1	3	0	3
Klager - dispensasjonsøknader	18	18	21	3	6	8	17

Tabell: *Behandla plansaker/ekspedisjonar hos FMMR 2010 - 2016.*

### Forklaring

- manglar data/registrering

X ikkje aktuelt/relevant

Merk:

- Statistikken for plansakene omfattar tal på ekspedisjonar/høyringsbrev. Fylkesmannen gir høyringsuttale til kommunale planar både ved oppstart og undervegs i planprosessen. I forhold til årsstatistikken vil nokre planar/plansaker såleis kunne bli registrert meir enn ein gang. Når det gjeld planstrategiar, dispensasjonar og motsegner er det derimot tal på planar som er registrert.
- \*Tidlegare statistikk for 2015 er korrigert. T.s. 20 samordningssaker (5 Kp + 15 RP) er lagt til. Talet på motsegnssaker vil også bli oppjustert i samband med dette. FMMR har i desse saken sjølv hatt motsegn i 14.

### Kommuneplanar (samfunns- og arealdel) til høyring 2015

Saknr ephorte	Kommune	Samf.del	Arealdel	Felles S + A	Oppstart –planpr.	Off. høyring	Merknad
11/4649	Herøy		x			v	+ mekling,KMD
11/9029	Sandøy		x			v	naust
12/4721	Sula		x				+ mekling x2 naust
13/183	Vestnes		x			v	naust
11/1866	Sande		x			v	+ mekling naust
15/1611	Ulstein			x	v		
1179029	Sandøy		x			v	2.g.
14/6119	Rindal	x				v	
13/855	Tingvoll		x			v	2.g.
15/2866	Volda	x			v		
13/4390	Ålesund	x			v		
12/5061	Aukra		x			v	
15/4136	Gjemnes			x	v		
13/4390	Ålesund		x			v	
10/8499	Sykkylven		x			v	Rev. naustføresegn.
15/5151	Halsa		x		v		
14/1073	Molde		x			v	
13/7457	Skodje	x				v	

### Kommuneplanar (samfunns- og arealdel) til høyring 2016

Saknr ephorte	Kommune	Samf.del	Arealdel	Felles S + A	Oppstart –planpr.	Off. høyring	Merknad
13/2942	Aure		x			v	
14/1073	Molde		x			v	
15/2866	Volda	x				v	
13/4390	Ålesund		x			v	
13/4833	Averøy		x			v	
14/1073	Molde		x			v	Vurd. motsegn
16/3324	Skodje		x			v	
16/3102	Hareid		x		v		
13/4390	Ålesund		x			v	Vurd. motsegn
13/183	Vestnes		x				Endring
15/1611	Ulstein	x				v	
16/5849	Ålesund	x				v	Handlingsdel
16/6008	Volda		x		v		
13/4833	Averøy		x			v	2.g.
13/2942	Aure		x			v	2.g.

### Oversikt plan- og dispensasjonssaker 1. kvartal 2016 (01.01. – 31.03.)

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016 t.o.m. 31.03.	1.kv. 2010	1.kv. 2011	1.kv. 2012	1.kv. 2013	1.kv. 2014	1.kv. 2015	1. kv 2016
Regulerings- plan	459	480	496	471	477	385	106	118	120	143	121	146	103	106
Kommune(del)- plan	36	37	48	86	56	39	5	9	10	8	18	7	3	5
Kommunal planstrategi	x	x	31	5	x	x	0	x	x	2	1	x	x	0
Regionale planar	-	-	*6	5	2	4	0	-	-	1	1	1	1	0
Plansaker samla	495	517	584	567	535	428	111		130	154	141	154	107	111
Dispensasjonar	628	520	605	533	605	638	162	-	-	142	128	134	136	164
Sum planar og disp.	1123	1032	1189	1100	1140	1066	273	-	-	298	269	278	243	275
Planar m motsegn RP					50		15					16	6	15
Sum planar m motsegn RP+KP	39	62	63	64	58	66	16	14	21	25	14	17	7	16
Meklingsmøte	4	7	6	8	3	3	1	-	1	3	4	1	0	1
Planar sendt departementet	2	0	3	1	3	0	1	-	-	0	0	0	0	1
Klager – dispsøknader	18	18	21	3	6	8	6	3	5	3	1	1	1	6

### Oversikt plan- og dispensasjonssaker 2. kvartal 2016 (01.04. – 30.06.)

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016 t.o.m. 30.06.	2.kv. 2010	2.kv. 2011	2.kv. 2012	2.kv. 2013	2.kv. 2014	2.kv. 2015	2. kv 2016
Regulerings- plan	459	480	496	471	477	385	244	115	130	112	139	134	113	138
Kommune(del)- plan	36	37	48	86	56	39	13	9	10	20	21	14	15	8
Kommunal planstrategi	x	x	31	5	x	x	7	x	x	8	2	x	x	7
Regionale planar	-	-	*6	5	2	4	1	-	-	1	1	1	2	1
Plansaker samla	495	517	584	567	535	428	265		130	141	155	149	130	154
Dispensasjonar	628	520	605	533	605	638	315	-	-	191	148	204	150	153
Sum planar og disp.	1123	1032	1189	1100	1140	1066	580	-	-	332	303	353	280	307
Planar m motsegn RP					50		31					10	19	16
Sum planar m motsegn RP+KP	39	62	63	64	58	66	34	14	21	25	14	12	23	18
Meklingsmøte	4	7	6	8	3	3	1	-	1	3	4	0	2	0
Planar sendt departementet	2	0	3	1	3	0	2	-	-	0	0	2	0	1
Klager – dispsøknader	18	18	21	3	6	8	8	3	5	3	1	3	2	2

### Oversikt plan- og dispensasjonssaker 3. kvartal 2016 (01.07. – 30.09.)

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016 t.o.m. 30.09.	3.kv. 2010	3.kv. 2011	3.kv. 2012	3.kv. 2013	3.kv. 2014	3.kv. 2015	3 kv 2016
Reguleringsplan	459	480	496	471	477	385	308	88	123	111	106	87	86	64
Kommune(del)-plan	36	37	48	86	56	39	24	10	9	7	12	21	10	11
Kommunal planstrategi	x	x	31	5	x	x	12	x	x	9	1	X	x	5
Regionale planar	-	-	*6	5	2	4	2	-	-	0	1	0	1	1
Plansaker samla	495	517	584	567	535	428	346		130	141	120	108	97	81
Dispensasjonar	628	520	605	533	605	638	458	-	-	130	141	115	170	151
Sum planar og disp.	1123	1032	1189	1100	1140	1066	804	-	-	257	261	223	267	232
Planar m motsegn RP					50		44					8	19	10
Sum planar m motsegn RP+KP	39	62	63	64	58	66	50	8	16	11	20	12	22	13
Meklingsmøte	4	7	6	8	3	3	2	-	1	1	0	2	0	1
Planar sendt departementet	2	0	3	1	3	0	2	-	-	1	0	0	0	0
Klager – dispsøknader	18	18	21	3	6	8	10	3	5	4	0	2	1	2

### Oversikt plan- og dispensasjonssaker 4. kvartal 2016 (01.10. – 31.12.)

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	4.kv. 2010	4.kv. 2011	4.kv. 2012	4.kv. 2013	4.kv. 2014	4.kv. 2015	4 kv 2016
Reguleringsplan	459	480	496	471	477	385	414	88	123	111	106	87	86	118
Kommune(del)-plan	36	37	48	86	56	39	40	10	9	7	12	21	10	10
Kommunal planstrategi	x	x	31	5	x	x	24	x	x	9	1	X	x	11
Regionale planar	-	-	*6	5	2	4	2	-	-	0	1	0	1	0
Plansaker samla	495	517	584	567	535	428	479		130	141	120	108	97	139
Dispensasjonar	628	520	605	533	605	638	640	-	-	130	141	115	170	172
Sum planar og disp.	1123	1032	1189	1100	1140	1066	1119	-	-	257	261	223	267	371
Planar m motsegn RP					50		69					8	19	25
Sum planar m motsegn RP+KP	39	62	63	64	58	66	79	8	16	11	20	12	22	29
Meklingsmøte	4	7	6	8	3	3	4	-	1	1	0	2	0	2
Planar sendt departementet	2	0	3	1	3	0	3	-	-	1	0	0	0	1
Klager – dispsøknader	18	18	21	3	6	8	17	3	5	4	0	2	1	7

Tabell: *Behandla plansaker/ekspedisjonar FMMR 2010 - 2016*

Forklaring

- manglar data/registrering

X ikkje aktuelt/relevant



Statistikken viser at den samla planaktiviteten for kommunane i fylket er stor. Det er likevel store skilnader kommunane imellom i forhold til både talet på planar, omfang og type. I tillegg til overordna kommuneplan med samfunns- og arealdel har kommunane i ulik grad og omfang utarbeidd kommunedelplanar i form av tema-, sektor- eller områdeplanar, samt reguleringsplanar som område- eller detaljregulering. Nokre kommunar har i tillegg utarbeidd interkommunale planar i samarbeid med nabokommunar på viktige felles tema- eller samfunnsområde.

Mange kommunar slit elles både med kapasitet og kompetanse på planområdet. Arbeidet med dei kommunale planstrategiane har her vore eit nyttig verktøy for å skaffe ein samla oversikt over plansituasjonen og planbehovet i den enkelte kommunen. Fylkesmannen har i 2016 mottatt høyringsutkast til nye kommunale planstrategiar for perioden 2016 - 2020 frå 22 av dei 36 kommunane i fylket. Utarbeiding av kommunale planstrategiar representerer ei ny oppgåve for kommunane. Etter førre runde med kommunale planstrategiar for perioden 2011 - 2015 har kommunane hausta viktige erfaringar med denne typen strategisk planarbeid. For kommunane har arbeidet med dei kommunale planstrategiane vore eit nyttig verktøy for å skaffe ein samla oversikt over plansituasjonen og planbehovet i den enkelte kommunen.

I tillegg til viktige kontrolloppgåver har Fylkesmannen saman med fylkeskommunen ei sentral rolle i forhold til oppfølging og rettleiing av kommunane i plansaker. Nye planformer og aktivitetar knytt m.a. til nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, arbeid med kommunal planstrategi, og større vekt på kommuneplanens samfunnsdel som overordna utviklingsverktøy for kommunane kan nemnast her. Departementet har utarbeidd omfattande informasjon og rettleiing knytt til regional og kommunal planlegging etter pbl. Løpande oppdateringar er tilgjengeleg på <https://www.regjeringen.no/nb/tema/plan-bygg-og-eiendom/plan--og-bygningsloven/plan/veiledning-om-planlegging/id2008185/>

## 4. Typar plansaker; kommunevis

Hovudtyngda av kommunale plansaker til behandling hos Fylkesmannen er knytt til reguleringsplanar. Desse er av to typar; områderegulering og detaljregulering. Medan kommunane sjølve tar ansvar for områdereguleringa, blir det meste av detaljreguleringa initiert av private aktørar og gjennomført i tett samarbeid med private konsulentfirma.

Manglande oppdatering/rullering av overordna kommuneplan skaper ofte utfordringar for ei meir heilskapleg og langsiktig arealforvaltning. Utfordringar knytt til den kommunale planlegginga avspeglar også at kommunane i fylket er svært ulike i forhold til folketal, næringsstruktur, naturgrunnlag, sentralitet m.v. Mål, strategiar og tiltak vil såleis måtte tilpassast situasjon og behov i den enkelte kommune.

Talet på plansaker til behandling hos FMRR knytt til kommune(del)- og reguleringsplanar fordeler seg ulikt kommunane i mellom; sjå tabellar under. Store kommunar har elles naturleg nok gjennomgåande større aktivitet på plansakområdet enn dei små kommunane; jf. bykommunane Molde og Ålesund. Kristiansund representerer likevel eit unntak her med relativt få plansaker i forhold til folketalet. Nokre av dei mindre og mellomstore kommunane merker seg ut med særleg stor planaktivitet. Ut frå ekspedisjonar knytt til reguleringsplansaker merkar vi oss t.d. at Sula, Vestnes, Ørsta og Sykkylven alle er registrert med meir enn 20 saker/ekspedisjonar kvar.

Den kommunale planaktiviteten går gjerne i bølger/syklusar knytt til rullering av eldre planar og/eller oppstart av nye. Dette omfattar i første rekke kommune- og kommunedelplanar. Når det gjeld reguleringsplanar vil om lag 80 – 90 % av desse vere initiert av private aktørar/utbyggjarar. 2016 har vore eit år prega av konjunkturedgang og ein strammare arbeidsmarknad. Ringverknader knytt til dette vil direkte og indirekte også kunne påverke evne og vilje til nye investeringar og etableringar. Nedgang i talet på nye reguleringsplanar vil her kunne vere ein naturleg konsekvens. Samstundes ser vi at lokale og regionale variasjonar i næringsstruktur og rammevilkår elles vil kunne slå ulikt ut for kommunane.

Plansakene med sine faste høyringsfristar vil sjeldan vere fordelt jamt gjennom året. For Fylkesmannen som høyringsinstans vil det tidvis vere utfordrande å ha tilstrekkeleg kapasitet på plansaksområdet når inngåande saker kjem «tilfeldig» og puljevis. Vi ser likevel at tidleg kontakt og god dialog undervegs i planprosessen gjer at konfliktpunkt tidleg vil kunne avdekkast og avklarast.

## Kommunestatistikk plansaker

### Kommune(del)-plan; kommuneoversikt 2016

	Kv. 1 01.01 – 31.03	Kv. 2 01.04 – 30.06	Kv. 3 01.07 – 30.09	Kv. 4 01.10 – 31.12	2016 kv 1 -4 01.01 – 31.12
Aukra			KPa 1		1
Aure	KPa 1			KPa1	2
Averøy		KPa 1		KPa1	2
Eide		KDP 1			1
Fræna			KPD 1		1
Giske					
Gjemnes					
Halsa					
Haram					
Hareid		KPa 1	KPa 1		2
Herøy			KDP 1		1
Kristiansund					
Midsund					
Molde		KPa 2	KDP 2	KDP1 + KPa1	6
Nesset				KDP1	1
Norrdal					
Rauma	KDP 1		KDP 1		2
Rindal					
Sande					
Sandøy					
Skodje		KPa 1	KPa 1	KDP1	3
Smøla					
Stordal					
Stranda					
Sula					
Sunndal		KDP 1			1
Surnadal		KPa1 +KDP 1			2
Sykkylven	KDP 1				1
Tingvoll					
Ulstein	KDP 1		KPs 1		2
Vanylven					
Vestnes			KPa 1		1
Volda		KPs 1		KPa1	2
Ørskog					
Ørsta	KDP 1				1
Ålesund		KPa 1	KPa 2	KPs1	4
T.s. alle kom.					36

\*Nokre av planane er «fellesplanar» (interkommunale) planar mellom to eller fleire kommunar

Tabell: Kommunale plansaker FMMR 2015 (01.01 – 31.12); Kommune(del)-planar

## Kommunestatistikk plansaker

### Reguleringsplan; kommuneoversikt 2016

	Kv. 1 01.01 – 31.03	Kv. 2 01.04 – 30.06	Kv. 3 01.07 – 30.09	Kv. 4 01.10 – 31.12	2016 01.01 – 31.12
Aukra	3	1	0	3	7
Aure	2	2	2	6	12
Averøy	1	0	1	5	7
Eide	1	3	0	1	5
Fræna	3	4	3	3	13
Giske	6	9	2	8	25
Gjemnes	1	2	0	3	6
Halsa	1	1	2	1	5
Haram	5	6	0	8	19
Hareid	4	3	1	0	8
Herøy	7	7	2	1	17
Kristiansund	3	3	1	2	9
Midsund	1	3	1	2	7
Molde	3	7	6	8	24
Nesset	1	6	0	0	7
Norddal	1	1	1	0	3
Rauma	3	5	0	4	12
Rindal	3	1	0	2	6
Sande	3	1	0	3	7
Sandøy	6	2	0	5	13
Skodje	2	4	0	4	10
Smøla	1	0	2	0	3
Stordal	2	0	4	0	6
Stranda	1	2	2	3	8
Sula	6	13	6	3	28
Sunndal	4	1	2	2	9
Surnadal	1	3	2	5	11
Sykkylven	1	11	4	4	20
Tingvoll	0	2	0	2	4
Ulstein	3	4	5	1	13
Vanylven	1	0	0	1	2
Vestnes	7	8	1	7	23
Volda	1	5	4	1	11
Ørskog	1	3	0	2	6
Ørsta	6	6	2	7	21
Ålesund	8	8	6	16	38
T.s. alle kom.	106	138	64	105	413

Tabell: Kommunale plansaker FMRR 2016; Reguleringsplanar

## 5. Nasjonale forventningar og ny runde med kommunale planstrategiar

Mange av dei politiske styringssignala frå den nye regjeringa er samla og systematisert i dei nye nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging vart vedtatt ved kongeleg resolusjon 12.06.2015; sjå

[https://www.regjeringen.no/contentassets/2f826bdf1ef342d5a917699e8432ca11/2015\\_nasjonale\\_forventningar.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/2f826bdf1ef342d5a917699e8432ca11/2015_nasjonale_forventningar.pdf)

Formålet med dei nasjonale forventningane er er retta mot følgjande forhold:

- det peikar på mål, oppgåver og interesser som regjeringa meiner det er viktig at fylkeskommunen og kommunane legg vekt på i si planlegging etter pbl i den komande 4-årsperioden (2015 – 2019)
- det skal leggast til grunn for dei nye fylkestinga og kommunestyra sitt arbeid med regionale og kommunale planstrategiar og for statleg medverknad i planlegginga
- det skal medverke til ei styrking av samanhengen mellom plannivåa
- det er ikkje uttømande, men må sjåast i samheng med gjeldande regelverk og rettleiing

Kommunal- og moderniseringsdepartementet peikar på at er det nye nasjonale forventningsdokumentet innhaldsmessig er kortare og omfattar færre og meir prioriterte forventningar enn tilsvarende dokument frå 2011. Forventningane er knytt til tre hovudtema:


- Gode og effektive planprosessar
- Berekraftig areal- og samfunnsutvikling
- Attraktive og klimavennlege by- og tettstadsområde

Dei nasjonale forventningane samlar mål, oppgåver og interesser som regjeringa forventar at fylkeskommunane og kommunane legg særleg vekt på i åra framover. Dokumentet er retningsgivande for regional og kommunal planlegging, men er likevel ikkje uttømande for alle oppgåver og omsyn som fylkeskommunane og kommunane skal ivareta etter plan- og bygningslova. Dokumentet må derfor sjåast i samheng med gjeldande regelverk og rettleiing.

Forventningsdokumentet legg elles viktige rammer og føringar for arbeidet med ny runde med regionale og kommunale planstrategiar. Dette arbeidet vil elles kunne inngå som eit viktig verktøy knytt til det pågåande kommunereformarbeidet og til det utgreiingsarbeidet som kommunane er pålagt å utføre i samband med dette. Alle fylkeskommunar og kommunar skal ha fastsett sin planstrategi seinast innan eitt år etter konstituering av nye fylkesting og kommunestyre etter fylkestings- og kommunestyrevalet hausten 2015.

Gjennom vedtaket av den kommunale planstrategien skal kommunestyret ta stilling til om kommuneplanen skal reviderast heilt eller delvis. Planstrategien vil elles vere eit nyttig verktøy for å vurdere kommunens plansystem, planressursar og samla planbehov i kommunestyreperioden knytt til ulike typar kommunedelplanar (temaplanar, sektorplanar og områdeplanar). For ein nærare presentasjon og gjennomgang av arbeidet med kommunale planstrategiar, viser vi til departementet sin rettleiar

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/kommunal-planstrategi/id652436/>



Figur 1. Kommunal planstrategi i det kommunale plansystemet.

### Større vekt på strategisk og tverrsektoriell planlegging

Gjennom arbeidet med kommunale planstrategiar ser vi også at kommunane i sterkare grad har retta søkelyset mot ei meir systematisk, tverrsektoriell og langsiktig planleggingstenking. Dette ser vi m.a. i forhold til plantema som folkehelse og levekår. Med den nye Folkehelselova og med Samhandlingsreforma har kommunane m.a. fått eit større ansvar knytt til forebyggjande folkehelsearbeid. Folkehelse og levekår vil slik kunne løftast opp og inngå som eit gjennomgåande perspektiv i den kommunale planlegginga.

Med nye nasjonale forventningar til regional og kommunale planlegging, vedatt ved kongeleg resolusjon 12.06.2015 er det gitt viktige rammer og føringar for ei ny runde med regionale og kommunale planstrategiar. Alle fylkeskommunar og kommunar skal ha fastsett sin planstrategi seinast innan eitt år etter konstituering av nye fylkesting og kommunestyre etter fylkestings- og kommunestyrevalet hausten 2015.

Møre og Romsdal fylkeskommune har i samband med oppstart av ny runde med regional planstrategi utarbeidd eit viktig kunnskapsgrunnlag med rapporten *Utviklingstrekk i Møre og Romsdal* <http://mrfylke.no/Tenesteomraade/Plan-og-analyse/Statistikk-og-analyser/Utviklingstrekk-i-Moere-og-Romsdal> Fylkesstatistikk 2015 er også eit viktig kunnskapsgrunnlag for regional og kommunal planlegging; sjå <http://mrfylke.no/Tenesteomraade/Plan-og-analyse/Statistikk-og-analyser/Fylkesstatistikk>

Med dette som utgangspunkt har fylkeskommunen utarbeidd regional planstrategi for 2016-2020. Denne vart vedtatt i fylkestinget 11.04.2016 og utgjer eit viktig grunnlag for arbeidet med *Fylkesplan 2017 - 2020*. Planutkast er sendt på høyring og er for tida til sluttbehandling.

Fylkesmannen er høyringsinstans for det kommunale planstrategiarbeidet. I løpet av 2016 har Fylkesmannen sendt høyringsfråsegn til planstrategiutkast frå 22 kommunar.

## Kommunal planstrategi 2016 – 2020 kommuneoversikt v.31.12.2016

Kommune	KPS FM-sak nr	KPS Status ephorte	Status gjeldande K-plan; vedtak		Rullering av K-plan; oppstart 2016 - 2020 (evt. under arbeid)	
			Samfunnsdel	Arealdel	Samfunnsdel	Arealdel
Aukra	16/7362	R	2011	2016	2017	0
Aure	16/2864	E	2008	2008	2018	2016
Averøy	16/2399	E	2015	2009	0	2016
Eide	16/5839	E	2005	2005	2016	2018
Fræna	16/5959	E	2005	2014	2017	2020
Giske			2014	2009		
Gjemnes	16/5033	E	2003	2003	2016	2016
Halsa	16/5412	E	2012	1998	2016	2017
Haram			2007	1999		
Hareid	1675127	E	2006	2012	2018	2017
Herøy	16/5412	E	2013	2014	2017	0
Kristiansund	16/3096	E	**2012	2011	2016	2016
Midsund	16/5138	E	2011	1997	0	2016
Molde	16/4151	E	2016	2016	2018	*2018
Nesset			2012	2012		
Norddal			2007	2011		
Rauma	16/4964	E	2013	*2003	0	0
Rindal	16/5008	E	2015	2014	2018	0
Sande			2009	2016		
Sandøy	16/7098	E	2011	2015	0	2017
Skodje	16/7179	R	2016	2007	0	2016
Smøla	16/2866	E	2007	2008	2018	2016
Stordal			2014	2003		
Stranda			-	1992		
Sula	16/7681	R	2011	2015	2018	2019
Sunndal	16/6591	E	2014	*2007	2017	2017
Surnadal	16/5537	E	2014	2007	0	2016
Sykkylven	16/7183	R	2011	2013	0	0
Tingvoll	16/2453	E	2014	2015	?	?
Ulstein	16/5191	E	2009	2011	2016	2016
Vanylven	16/2953	E	2009	2014	2018	2020
Vestnes	16/6140	E	2015	2015	2018	2020
Volda	16/7574	R	2016	*1990	2016	0
Ørskog	16/7671	R	2007	2006	2016	2017
Ørsta	16/5729	E	2012	*1991	2020	2017
Ålesund	16/6936	E	2016	2008	0	2016
*MR fylkeskom	15/6621	E	Fylkesplan 2016 - 2020			

Tabell:

- Status Kommunal planstrategi 2016 – 2020; høyrings sak FMMR pr. 31.12.2016
  - Status vedtaksår for gjeldande Kommuneplan (gult) for rulleringsarbeid igangsett
- \*MR fylkeskommune; Regional planstrategi 2015 - 2019

## Kommunal planstrategi 2011 – 2015 - kommuneoversikt

Kommune	FMMR sak nr	Status gjeldande K-plan; vedtak		Rullering av K-plan; oppstart 2012 - 2016 (evt. under arbeid)	
		Samfunnsdel	Arealdel	Samfunnsdel	Arealdel
Aukra	12/7534	2011	2006	2015	2012
Aure	12/4933	2008	2008	0	2012
Averøy	12/6562	2009	2009	2013	2013
Eide	12/7511	2004	2005	2013	2014
Fræna	12/6441	2005	2003	2015	2012
Giske	12/7900	2009	2009	2013	2015
Gjemnes	13/0271	2003	2003	2015	2013
Halsa	12/5778	1998	1998	2012	2012
Haram	12/6726	2007	1999	2013	2013
Hareid	12/7497	2006	2012	2016	2012
Herøy	12/6723	2001	2004	2012	2012
Kristiansund	12/4572	2007	2011	2012	2012
Midsund	13/2640	2011	1997	0	2014
Molde	12/4675	2002	2010	2012	2014
Nesset	12/7242	2012	2012	2012	2012
Norddal	12/3528	2007	2012	2014	2016
Rauma	11/7658	2006	1995	2012	2013
Rindal	13/1792	2011	2002	2014	2013
Sande	12/2200	2009	2002	0	2012
Sandøy	manglar	2011	?	?	2012
Skodje	12/2087	2007	2007	2012	2013
Smøla	12/5046	2007	2008	2012	2012
Stordal	12/3581	manglar	2003	2014	?
Stranda	12/2999	manglar	1992	2014	2013
Sula	12/4692	2011	2006	0	2013
Sunndal	12/6496	2007	2007	2012	2012
*Surnadal	?	2009	2007	2013	2013
Sykkylven	12/6377	2011	1989	0	2012
Tingvoll	12/4664	2007	2007	2013	2013
Ulstein	13/7816	2009	2011	2015	2015
Vanylven	12/5268	2009	1993	?	2012
Vestnes	12/3127	2006	2006	2013	2013
Volda	10/5689	1997	1990	2013	2013
Ørskog	12/3761	2007	2006	2014	2012
Ørsta	11/3842	1999	1991	2012	2012
Ålesund	12/8207	2008	2008	2013	2014
MR fylkeskom	11/4815	Fylkesplan 2012		Fylkesplan 2016	

Tabell: Kommunal planstrategi 2011 – 2015; markering (gult) for rulleringsarbeid i gang i perioden

Merk:

0; ingen rullering planlagt for inneverande k-styreperiode

?: opplysning manglar, eller event. tidspunkt for rullering blir vedtatt seinare \*:

Høyringsutkast til kps for Surnadal har vore sendt MR fylkeskommune, men ikkje FMMR.



## 6. Motsegn

Statlege og regionale organ kan fremje motsegn (innsigelse) mot kommunale planar som er i strid med nasjonale interesser. Fylkesmannen grip inn i kommunal arealforvaltning ved å varsle eller fremje motsegn, og ved å klage på vedtak i dispensasjonssaker.

Av reglane for motsegn i plansaker etter plan- og bygningslova framgår det m.a. at:

- Kommunen har ansvar for at nasjonale og regionale interesser blir tatt omsyn til i planlegginga.
  - Statlege og regionale organ skal medverke i planarbeidet slik at desse interessene vert innarbeidd i planane. Reglane om motsegn skal sikre at kommunane ikkje vedtar planar i strid med nasjonal eller regional politikk.
- Når det ligg føre ei motsegn til eit planforslag kan ikkje kommunen vedta planen.
  - Saka kan gå vidare, anten ved at kommunane endrar planen, det vert gjennomført mekling eller at planen går direkte til avgjerd i Miljøverndepartementet.
- Dersom kommunen tek motsegna til følgje og endrar planen må dei sende det reviderte planutkastet til etaten som har fremja motsegna.
  - Motsegna skal vere trekt formelt (skriftleg) *før* kommunen kan vedta (eigengodkjenne) planen.

For meir om motsegn i plansaker etter plan- og bygningslova kan det visast til eit eige rundskriv H-2/14 <http://www.regjeringen.no/nb/dep/kmd/dok/rundskriv/2014/rundskriv-h-214--supplering-av-rundskri.html?id=751295> .

*Om nytt rundskriv om retningslinjer for motsegn i plansaker etter plan- og bygningslova*

Dei siste par åra har det vore debatt om praktiseringa av det s.k. innsigelses-/motsegnsinstituttet. Som eit resultat av dette er det no sett i gang prøveordningar med utvida oppgåver/fullmakt til Fylkesmannen knytt til samordning av statlege motsegner. Dette er organisert som tre-årige pilotprosjekt i seks fylke; jf.

[http://www.regjeringen.no/nb/dep/kld/dok/andre/brev/utvalgte\\_brev/2013/forsok-statlige-innsigelser.html?id=730080](http://www.regjeringen.no/nb/dep/kld/dok/andre/brev/utvalgte_brev/2013/forsok-statlige-innsigelser.html?id=730080)

Målet er å medverke til ei effektivisering av kommunane sitt planarbeid og at dialogen med statlege sektormyndigheiter skal bli enklare. Rettleiing om nasjonal politikk/mulig grunnlag for motsegn skal formidlast så tidleg som råd i planprosessen. Dette vil kunne redusere talet på motsegner.

I samband med dette vart det også i brev frå Miljøverndepartementet av 27.08.2013 sendt ut eit nytt rundskriv T-2/13 om retningslinjer for motsegn i plansaker. Nytt i forhold til tidlegare rundskriv T-2/95 er m.a.

- Større vekt på medverknad
- Større vekt på samordning
- Tydelegare om rutinar og roller
- Meir vekt på å løyse saker
- Behov for vidare rettleiing og oppfølging

Kommunal- og moderniseringsdepartementet sende i brev av 17.02.2014 ut ei oppdatering av rundskriv T-2/13: *Rundskriv H-2/14 supplerings av rundskriv T-2/13 Retningslinjer for innsigelse i plansaker etter plan- og bygningsloven; sjå* <http://www.regjeringen.no/nb/dep/kmd/dok/rundskriv/2014/rundskriv-h-214---supplerings-av-rundskri.html?id=751295> . I det nye rundskrivet H-2/14 er departementsnamnet endra i tråd med ny oppgåvefordeling i regjeringa. Elles er innhaldet/formuleringane i rundskriv T-2/13 vidareført. Kommunal- og moderniseringsministeren har likevel i samband med dette sendt ut eit eige brev til departementa, fylkesmennene, fylkeskommunane og kommunane med nokre utfyllande merknader og presiseringar; sjå [http://www.regjeringen.no/nb/dep/kmd/dok/andre/brev/utvalgte\\_brev/2014/rundskriv-h-214---supplerings-av-rundskri.html?id=751306](http://www.regjeringen.no/nb/dep/kmd/dok/andre/brev/utvalgte_brev/2014/rundskriv-h-214---supplerings-av-rundskri.html?id=751306) Her blir det m.a. peika på at:

- Flest mulig saker skal løysast så tidleg som råd
- Krav om meir effektiv behandling av plansaker etter pbl
- Sørge for tidleg medverknad og dialog
- Viktige interesser skal kome fram så tidleg som mulig
- Rask og effektiv saksbehandling
- Hensynet til lokaldemokratiet skal tillegast større vekt
- Motsegn skal berre fremjast når nødvendig og skal alltid grunnleggjast konkret
- Fylkesmann og fylkeskommune skal samarbeide og samordne motsegner m.a. gjennom bruk av planforum og gjennom mekling

#### *Om praksis i plansaker og motsegner hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal*

I forhold til gjeldande praksis i plansaksbehandlinga hos FMMR er det lite grunnleggjande nytt i dette; i hovudsak omfattar dette rammer og prinsipp som allereie har vore godt ivaretatt. Utfordringane sett frå Fylkesmannens side er i første rekke knytt til den praktiske oppfølginga. Mangel på ressursar og kapasitet medfører ofte vanskar med å følgje opp kommunane i tilstrekkeleg grad i forhold til tidleg kontakt, synfaringar/møte, dialog og rettleiing under vegs. Manglande plankompetanse og plankapasitet i kommunane (jf. KS-kartlegginga), forsterkar sjølvstøtt dette forholdet.

#### *Utviding av forsøksordning med statlege motsegn*

Forsøksordninga med samordning av statlege motsegner i plansaker starta 1. september 2013 og omfatta fylka Vestfold, Aust-Agder, Rogaland, Hordaland, Sør-Trøndelag og Nordland. Fylkesmannen i Møre og Romsdal er med blant 6 nye fylke som skal delta i andre fase av forsøket. I tillegg til Møre og Romsdal er Oppland, Troms, Buskerud, Telemark og Vest-Agder nye fylke f.o.m. 01.04.2015.

Rammene for forsøket har direkte og indirekte verknader for alle ledd i planprosessen:

Tidleg fase – oppstart av planarbeid og utforming av planutkast

- *Fylkesmannen skal bidra til at aktuelle statlege etatar gir innspel til arealplanen ved planoppstart/planprogram. Det skal gå klart fram av innspela om planen kan kome i konflikt med nasjonale eller viktige regionale interesser.*
- *Fylkesmannen skal bidra til at statsetatane er aktive medspelarar undervegs i arbeidet med utforming av planutkast.*

- *Fylkesmannen skal bidra til at regionalt planforum blir brukt aktivt av både statsetatane og kommunane i fylket. Det er fylkeskommunen som fortsatt skal drifte planforum.*
- *Fylkesmannen har i denne fasen inga utvida samordningsrolle ut over det som framgår av plan- og bygningslova. Dette medfører at Fylkesmannen skal bidra til best mogleg dialog og samordning mellom statsetatane, samt samarbeid med fylkeskommunen om å få fram nasjonale og viktige regionale interesser.*

#### Høyringsfasen – offentlig ettersyn

- *Forsøket medfører inga endring av dei normale høyringsfristane som kommunane set. Det er ein føresetnad at dei statlege etatane og Fylkesmannen i rolla som samordnar gjer det som skal til for å halde denne fristen. I enkelte tilfelle kan det være behov for at høyringsfristen blir utvida, og Fylkesmannen må avklare dette i samråd med kommunane og den statsetaten som har motsegn i kvart enkelt tilfelle.*
- *Dei statlege fagorganane sender sine høyringsuttalar, eventuelt med motsegn til Fylkesmannen. Dette må gjerast seinast 14 dagar før høyringsfristen går ut.*
- *Fylkesmannen samordnar høyringsuttalane i samråd med høyringsinstansane og får dermed ei utvida rolle. Fylkesmannen skal vurdere dei innkomne motsegnene og merknadane, og gje ei fråsegn til kommunen med ei samla oversikt over motsegnene frå statsetatane. Fylkesmannen kan her avvise ei motsegn frå ein annan statsetat slik at denne ikkje blir fremma for kommunen. Dette kan berre skje etter at det har vore ein tett dialog med den aktuelle statsetaten.*
- *Det blir opp til Fylkesmannen å finne praktiske løysingar for samordna uttale.*

#### Etter høyringsfasen:

- *Etter at Fylkesmannen har sendt sin samordna høyringsuttale som inneheld motsegn, er det ein føresetnad at kommunen og dei som har fremma motsegner arbeider aktivt for å finne løysingar.*
- *Fylkesmannens rolle som meklar ved motsegn er uendra. Dette medfører at Fylkesmannen er meklar mellom kommunen og det fagorganet som har fremma motsegna. Det er eit mål med forsøket at samordninga vil medføre at fleire saker blir løyst før mekling, og at færre saker må avklarast i Kommunal- og Moderniseringsdepartementet.*
- *Oversending til departementet der det gjenstår motsegner etter kommunestyret sitt planvedtak, følgjer dei ordinære rutineane.*

Forsøksordninga i vårt fylke starta opp 01.04.2015 og har såleis vore i gang i 21 månader. Den praktiske gjennomføringa av forsøksordninga er lagt opp litt ulikt frå fylke til fylke. Hos FMMR er forsøket organisert med ein eigen prosjektleiar, men elles direkte tilpassa eksisterande modell for plansaksbehandling. Erfaringane så langt er jamt over positive vurdert både frå kommunane, involverte statsetatar og Fylkesmannen si side. Største utfordringane så langt er knytt til knappe tidsfristar i høyringsfasen. Statens vegvesen er den av statsetatane som oftast er part i sakene. Med tanke på erfaringsutveksling og læring knytt til forsøket er det oppretta eit eige nasjonalt nettverk under leiing av KMD og med deltakarar frå alle dei 12 forsøksfylka. Forsøksordninga har i 2016 vore gjennom ei evalueringsrunde med tanke på at dette vil kunne bli ei permanent ordning. Forsøksperioden skulle opphavleg gå t.o.m. 31.12.2016, men er no vedtatt forlenga med eitt år.

Statistikken for 2016 viser at i alt 22 saker er omfatta av samordningsforsøket i vårt embete. Av desse er 18 saker knytt til reguleringsplanar og 4 til kommuneplanar. Av statsetatane er Statens vegvesen oftast representert som motsegnspart. Av dei 43 samordningssakene i løpet forsøksperioden (01.04.2015 – 31.12.2016) har Statens vegvesen hatt motsegn knytt til heile 31 av desse. Motsegner frå andre statsetatar fordeler seg slik; NVE 5, Avinor 3 - og med 1 sak kvar på Mattilsynet, Jernbaneverket og Kystverket.

Tabellen under viser samla oversikt over motsegner frå statsetatane knytt til samordningsforsøket i perioden 01.04.2015 – 30.09.2016. Motsegnene er registrert på sak. I prinsippet vil det kunne vere fleire motsegnspunkt frå den aktuelle etaten knytt til same sak.

	SVV	NVE	KV	JV	AVINOR	MAT	Alle
2015 (01.04. - 31.12)	14	4	1	1	1	0	21
2016 (01.01. - 30.09)	17	1	0	0	2	1	22
T.s. i forsøksperioden	31	5	1	1	3	1	43

#### *Motsegn fordelt på plantypar*

FMMR har i 2016 fremma motsegn til 79 planar (69 reguleringsplanar og 10 kommuneplanar). I høve til det samla talet på plansaker samla er det likevel få motsegner. For 2016 er det frå Fylkesmannen si side reist motsegn til 16,7% % av reguleringsplansakene. I forhold til kommuneplanens arealdel vil det oftast vere knytt motsegn både til ulike tema og delområde i samband med første gangs offentleg høyring. Omfanget og kompleksiteten i slike overordna planar tilseier at det her meir unntaksvis vil vere planar utan motsegn. Fylkesmannen har her oppmoda kommunen til å gå i vidare dialog med motsegnsinstantane for å finne løysingar utan å gå vegen direkte om formell mekling.

	Kv. 1 01.01–31.03	Kv. 2 01.04–30.06	Kv. 3 01.07–30.09	Kv. 4 01.10–31.12	2016 01.01– 31.12
Kommuneplan - arealdel	1	2	3	4	10
Reguleringsplan	(14,1 %) 15	(11,6 %) 16	(15,6%) 10	(24,3%) 29	(16,7%) 69
Planar med motsegn samla	16	18	13		79

### Merknader og motsegner fordelt på plantema 2016

Til same plan kan det vere fremma fleire motsegner ut frå ulike tema/fagområde. Særleg gjeld dette kommuneplanar. Dersom ein tar utgangspunkt i typar plantema det er knytt merknader eller motsegn til, fordeler dette seg på følgjande måte:

Tema for merknader og for motsegn	*K-plan areal/samf + KDP (N=40) **K-plan arealdel (N=15)		Reguleringsplan (N=413)		Motsegnstema samla til Kp + Rp
	*merknader	**motsegn	merknader	motsegn	
Planfagleg/KU	27	2	100	7	9
Naturmangfald	14	2	93	4	4
Landskap	9	2	23	2	4
Friluftsliv	14	2	29	2	4
Grønstruktur	6	0	5	0	0
Strandsone	12	3	27	5	8
Vassdrag	5	0	9-	1	1
Barn og unge	18	2	128	28	30
Universell utforming	4	0	7	0	0
Folkehelse	7	0	10	0	0
Landbruk	14	0	29	1	1
ROS	16	2	162	19	21
Forureining	3	1	37	3	4
Støy	12	6	97	23	29
Klima	5	0	2	0	0
Kjøpesenter	2	0	1	0	0
BATP	8	0	8	0	0
Anna	3	0	4	0	0
Samla tal motsegnstema		22		95	117

Tabell: Merknader og Motsegner fordelt på plantema 2016

I tabellen er det skilt mellom to plankategoriar; kommune- og kommunedelplanar på eine sida og reguleringsplanar på den andre. Det er vidare skilt mellom merknader og motsegner. Når det gjeld motsegner i kategorien kommune- og kommunedelplanar er det tatt utgangspunkt berre i saker knytt til kommuneplanens arealdel. Dette utgjør 15 av 40 saker.

Merk: Merknader og motsegner frå FMMR i samband med motsegnsprosjektet er ikkje registrert i tabellen. Dette omfattar t.s 2 reguleringsplansaker og 16 kommuneplansaker.

Når det gjeld merknader er kategoriane *Planfagleg/KU*, *Naturmangfald*, *ROS*, *Støy* og *Barn og unge* dei det oftast er knytt kommentarar til.

I forhold til tema det er knytt motsegn til, ser vi at det stort sett er dei same kategoriane som oftast går igjen. Dette omfattar både kommune- og reguleringsplansakene.

Fylkesmannen har i sine høyringsmerknader i særleg grad har utfordra kommunane i forhold til å ta særskild omsyn til barn og unge sine interesser. Dette omfattar m.a. krav til gode og trygge oppvekstmiljø gjennom tilrettelegging og opparbeiding av leikeplassar, friareal og gang- og sykkelveggar. Meir konkret kjem fokus på barn og unge sine interesser til uttrykk

også gjennom at dette er det tema/saksområde som det oftast blir reist motsegn til. I tillegg ser vi også at talet på saker med merknader eller motsegn til tema støy har auka kraftig. Større veg- og kommunikasjonsutbyggingar, ofte i kombinasjon med sentrums- og fortettingsprosjekt, forklarar mykje av dette.

Kommuneplansakene skil seg ofte ut ved at dei gjerne omfattar fleire motsegnspunkt knytt til ulike plantema, men gjerne også fleire motsegnspunkt knytt til same tema. T.d. vil det kunne reisast motsegn på grunn av strandsone knytt til fleire delområde i planen. Motsegn knytt til same tema for ulike delområde i planen vil ikkje bli fanga opp av statistikken.

Den kommunevise oversikta (sjå tabell under) viser at talet på motsegner varierer kommunane imellom. Dette vil naturleg nok vere avhengig av at planaktiviteten er svært ulik kommunane imellom. Tendensen er altså at kommunar med flest planar/stor planaktivitet også har flest motsegner. Det er likevel også slik at mange motsegner er knytt til manglande fagleg kvalitet og kontroll.

Det er elles viktig å merke seg at statistikken over talet på motsegner kan dekke over viktige skilnader og variasjonar. Ofte vil desse kunne grupperast i to hovudtypar:

- Motsegner av «teknisk» karakter knytt til feil eller manglar i samband med planprosess, kunnskapsgrunnlag eller plandokument. Eksempel på dette kan vere manglande kartlegging og/eller vurderingar i forhold til ulike typar krav og spesifikasjonar; jf. ROS-analyse, støykartlegging, leikeplassnorm, vurderingar etter naturmangfaldlova m.v.
- Motsegner av fagleg karakter knytt til meir fagspesifikke eller tematiske vurderingar t.d. landskap, friluftsliv, grønstruktur, strandsone, barn og unge, universell utforming, folkehelse, klima, kjøpesenter, samordna bustad,- areal og transportplanlegging m.v.

Dei «tekniske» motsegnene vil kunne utgjere om lag halvparten, og dei fleste av desse vil oftast lett kunne løysast gjennom tidleg kontakt og dialog undervegs i planprosessen.

*Talet på motsegner fordelt etter kommunar.*

Tabellen under viser at talet på motsegner varierer kommunane i mellom. Kommunar med stor planaktivitet/mange planar vil naturleg nok såleis ha større sjanse for å plassere seg i toppen av lista enn kommunar med få/ingen plansaker til høyring. Men her er det også ei rekke andre faktorar som spelar inn. Dette gjeld m.a. vurderingar knytt både til omfang, kompleksitet og kvalitet knytt til dei enkelte planane. Vilkår og alternativ for utvikling og utbygging av området, samt press frå utbyggarar/tiltakshavarar vil også kunne variere. For reguleringsplanane sin del er om lag 80 - 90 prosent av planane utarbeidde av private aktørar/konsulentar. Kommunane som planmyndigheit har likevel ei viktig rolle med tanke på kontroll og godkjenning av desse. Spørsmål om både kapasitet og kompetanse i den kommunale plansaksbehandlinga er såleis viktig. Utfordringar i forhold til dette er særleg merkbart for fleire av dei mindre kommunane i fylket.

Regjeringa har som målsetting at talet på motsegner skal ned. Gode planprosessar og betre fagleg kvalitet på planane vil her vere ein viktig og avgjerande faktor. Dette stiller faglege krav både til tiltakshavar/konsulent og til kommunen. God kontakt tidleg i planprosessen med både kommune og utbyggar blir her understreka.

**Motsegn Kommuneplan (K) + Reguleringsplan (R); kommuneoversikt**

	Kv. 1 01.01 – 31.03	Kv. 2 01.04 – 30.06	Kv. 3 01.07 – 30.09	Kv. 4 01.10 – 31.12	2016 01.01 – 31.12
Aukra				1R	1R
Aure	1K		1R	1K + 3R	2K + 4R
Averøy		1K		1K + 4R	2K + 4R
Eide					
Fræna		1R		1R	2R
Giske	2R			1R	3R
Gjemnes					
Halsa					
Haram				1R	1R
Hareid	1R				1R
Herøy	3R	2R			5R
Kristiansund	1R				1R
Midsund	1R				1R
Molde	1R	1K + 1R	1K + 2R	2R	2K + 6R
Neset		1R			1R
Norrdal	1R				1R
Rauma			1K	1R	1K + 1R
Rindal					
Sande					
Sandøy					
Skodje		1R		3R	4R
Smøla					
Stordal			1R		1R
Stranda	1R		1R		2R
Sula		3R	2R	2R	7R
Sunndal				1R	1R
Surnadal				1K + 4R	1K + 4R
Sykkylven	1R	1R			2R
Tingvoll				1R	1R
Ulstein					
Vanylven					
Vestnes		3R	1R	1R	5R
Volda		1R			1R
Ørskog	1R				1R
Ørsta				1R	
Ålesund	1R	2R	1K + 2R	3R	1K + 8R
T.s. alle kom.	1K + 15R= 16	2K + 16R	3K + 10R		10K + 69R= 79

Tabell: Motsegn saker FMRR fordelt på Kommune(del)- og Reguleringsplanar; kommuneoversikt

## 7. Mekling

### Generelt om motsegn og mekling

Av reglane for motsegn i plansaker etter plan- og bygningslova framgår det m.a. at:

- Kommunen har ansvar for at nasjonale og regionale interesser blir tatt omsyn til i planlegginga.
  - Statlege og regionale organ skal medverke i planarbeidet slik at desse interessene vert innarbeidd i planane. Reglane om motsegn skal sikre at kommunane ikkje vedtar planar i strid med nasjonal eller regional politikk.
- Når det ligg føre ei motsegn til eit planforslag kan ikkje kommunen vedta planen.
  - Saka kan gå vidare, anten ved at kommunane endrar planen, det vert gjennomført mekling eller at planen går direkte til avgjerd i Kommunal- og moderniseringsdepartementet.
- Dersom kommunen tek motsegna til følgje og endrar planen må dei sende det reviderte planutkastet til etaten som har fremja motsegna.
  - Motsegna skal vere trekt formelt (skriftleg) *før* kommunen kan vedta (eigengodkjenne) planen.

For meir om motsegn i plansaker etter plan- og bygningslova kan det visast til eit eige rundskriv H-2/14 <http://www.regjeringen.no/nb/dep/kmd/dok/rundskriv/2014/rundskriv-h-214--supplering-av-rundskri.html?id=751295>

### Meklingsmøte

Fylkesmannen er meklingsinstans. Tre meklingsmøte har vore gjennomført i 4. kvartal i 2016. Det har tidlegare vore gjennomført eitt meklingsmøte i 1. kvartal, men ingen i 2. og 3. kvartal. Fylkesmannen har ikkje vore part i nokon av meklingane i 2016. I 2015 vart det gjennomført 3 meklingsmøte der FMMR var part i alle. I 2014 vart det til samanlikning gjennomført 8 meklingsmøte der FMMR var part i 5.

Sak	Kommune	Plantype/planområde	Motsegnspart	Tema til mekling
14/946	Sykkylven	RP Områderegulering Sykkylven sentrum	MR fylkeskommune, Statens vegvesen	Automatisk freda kulturminne, Trafikktryggleik
11/2744	Haram	RP Longva hamn	Kystverket	Fiskerihamn
14/3195	Vestnes	RP Helland sentrum	Statens vegvesen	Trafikktryggleik
11/6703	Norddal	RP Syltemoa sandtak	MR fylkeskommune	

Tabell: Saker til mekling FMMR 2016

Fylkesmannen har i tillegg til dette også mottatt førespurnad om mekling knytt til uavklarte motsegner både i kommune- og reguleringsplansaker. Utan å gå direkte på formell mekling er det i situasjonar som dette i større grad enn tidlegare opna for meir uformelle dialog-/forhandlingsmøte. Gjennom dette har ein lykkast å finne løysingar utan å ta saka til mekling.



### *Oversendingssaker til Kommunal- og moderniseringsdepartementet*

Når det ligg føre ei motsegn til eit planforslag kan ikkje kommunen vedta planen. Saka kan gå vidare, anten ved at kommunen endrar planen, det vert gjennomført mekling , eller at planen går direkte til avgjerd i Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD). Departementet sitt vedtak i saka kan ikkje påklagast

I perioden 2012 - 2015 har FMRR hatt 7 plansaker oversendt departementet for avgjerd (Miljøverndepartementet (før 01.01.2014). FMRR har vore part i fem av desse.

Sak	Kommune	Plantype /planområde	Motsegnspart	Tema til mekling	Oversendt MD	Møte/synfaring og deltakarar
10/4966	Skodje	Reg.plan Digernes	FMRR	RPB kjøpesenter	14.09.2012	20.11.2013 Skodje k, MD, MRfk og FMRR
11/6096	Averøy	Reg.plan Uran	Statens vegvesen	Trafikksikring	22.10.2012	16.11.2013 Averøy k, MD, SVV, Vegdir, FMRR
10/4266	Neset	K-plan	FMRR, Sunndal k.	Landbruk; Natur- og miljø, Fiskeoppdrett	07.11.2012	26.06.2013 Neset k, MD, Sunndal k, DN, LMD, SLF, KFD, FMRR
10/6724	Sande	Reg.plan Storehaugen	MRfk	Automatisk freda kulturminne	25.04.2013	25.06.2013 Sande k, MD, MRfk, RA, FMRR
10/3519	Rindal	K-plan	Reindriftsforvaltninga	Tamrein	24.04.14	05.06.2014 Rindal k; KMD, LMD, FMST, FMRR
10/8293	Rauma	RP Måsvatnet	MRfk og FMRR	Natur, miljøvern, landskap	22.05.14	18.09.2014 Rauma kommune; KMD, Klima- og miljødep, Miljødir, FMRR, MRfk
11/4679	Herøy	K-plan	FMRR	Naust-storleik	09.12.2014	12.02.2015 Herøy k, FMRR, KLD og KMD

*Tabell: Oversendingssaker til Kommunal- og moderniseringsdepartementet 2012 - 2015*

For ei samla oversikt over vedtak i motsegnssaker oversendt MD/KMD; sjå

<https://www.regjeringen.no/no/tema/plan-bygg-og-eiendom/plan--og-bygningsloven/plan/kommunal-planlegging/innsigelsessaker1/id2008038/>

FMRR hadde i 2015 ingen uavklarte meklingssaker for vidaresending til Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Siste oversendingssak med vedtak i departementet er kommuneplanen for Herøy frå desember 2014. Fylkesmannen hadde her motsegn til nauststorleik i planføresegnene. Planføresegnene opna for relativt store og høge naust med storleik inntil 60 m<sup>2</sup> BRA. Dette er i strid med råda Fylkesmannen legg til grunn for utforming av naust der maksimal nauststorleik i kommuneplan er sett til 40 m<sup>2</sup> (BRA).

Herøy-saka er av prinsipiell karakter og vil kunne få konsekvensar for andre tilsvarende saker. Fleire andre kommunar har også i samband med kommuneplanrullering gjort framlegg om nauststorleik over 40 m<sup>2</sup> (BRA).

#### *Tilbakemelding til kommunane i etterkant av KMD si avgjerd i Herøy-saka*

KMD fatta vedtak i saka med Herøy kommune 02.07.2015. På bakgrunn av dette vart det frå Fylkesmannen si side peika på behov for å gå ei ny, samla runde på naustspørsmålet. Dette m.a. med tanke på ei nærare vurdering av eventuelle signal og føringar i vedtaksbrevet frå departementet i forhold til dei andre tilsvarende «naustsaker»..

Etter ein nærare gjennomgang av departementet sin argumentasjon og vedtak i Herøysaka såg Fylkesmannen behov for å gå ut med den same informasjonen til kommunane elles:

#### *Om departementet sitt vedtak i saka med Herøy kommune*

Herøy kommune ønskte nauststorleik på 60 m<sup>2</sup>, Fylkesmannen heldt fast på 40 m<sup>2</sup>. Denne saka vart oversendt til Kommunal og moderniseringsdepartementet i desember 2014. I brev av 02.07.2015 til Fylkesmannen i Møre og Romsdal godkjende departementet Herøy kommune sitt vedtak av arealdelen av kommuneplanen 2013-2025. Vedtaket innebar at det vert opna for naust med storleik inntil 60 m<sup>2</sup> BRA.

I følgje brevet av 02.07.2015 blir det frå departementet si side lagt vekt på lokale føresetnader og forhold i kommunen. Det blir peika på at dette er ein kommune med mindre press på areala, og at storleiken på naust i dette tilfellet ikkje vil ha vesentlege negative følgjer for friluftsliv, landskap eller bygningsmiljø. Det er også lagt vekt på at kommunen har tydelege føresegner for naustområda. Departementet viser vidare, med referanse til kommuneplanens samfunnsdel, at kommunen har ein heilskapleg strategi bak forvaltninga av strandsona generelt og satsinga på naust spesielt. Det blir også peika på at dei statlege planretningslinjene er tydelege på at utbygging i strandsona skal skje på bakgrunn av ei heilskapleg vurdering i arealdelen i kommuneplanen – og at det i område med mindre press på areala blir stilt krav om reguleringsplan for større byggetiltak.

#### *Fylkesmannen si vurdering*

Fylkesmannen har etterkant av departementet si avgjerd i Herøy-saka hatt ein intern gjennomgang om nauststorleik i kommuneplansaker. Det vart konkludert med at vi vil halde fast på våre tidlegare forslag til råd om naust; sjå vedlegg. Avgjerda frå departementet endrar såleis ikkje desse generelle råda. Vedtaket til KMD i Herøy viser at vi må vurdere spørsmålet om nauststorleik frå sak til sak avhengig av dei lokale tilhøva i den enkelte kommune. Vi ser med andre ord ikkje på Herøy-saka som automatisk retningsgivande for resterande kommunar.

Kommunar som ønskjer å avvike frå Fylkesmannens naustråd må argumentere for at ein i sin kommune har ein situasjon og eit behov som gjer at ein kan opne for andre løysingar enn naustråda. Fylkesmannen vil då i større grad enn før leggje vekt på om kommunen er i ei slik særstilling at eit unntak frå naustråda vil vere riktig. Eksempel på aktuelle moment for nærare utgreiing og vurdering kan vere knytt til press på areala i strandsona, tal på og storleik på eksisterande naust, plassering av eksisterande naust i uberørte eller allereie godt utbygde område, kvifor ein har behov for større naust i kommunen etc.

Fylkesmannen vil i tillegg presisere nokre moment som gjeld for vedtaket gjort i Herøy.:

- Nauststorleik på 60 m<sup>2</sup> gjeld for areal sett av til naustføremål i kommuneplanen der det er gjennomført konsekvensutgreiing.
- Det er utarbeidd gode og presise føresegner.

- Nauststorleik på 60 m<sup>2</sup> er ikkje gjeldande for dispensasjonar.

Fylkesmannen vil på bakgrunn av dette kunne skissere tre ulike vegval vidare for kommunane:

- Fylkesmannen aksepterer grunngevinga kommunen og trekker motsegna.
- Kommune får tilbod om vidare mekling på dette punktet.
- Partane er einige om at det ikkje er grunnlag for vidare mekling og saka blir oversendt Kommunal- og moderniseringsdepartementet for endeleg avgjerd.

I etterkant av dette har fleire kommunar gått nye rundar med kartlegging og vurderingsbehov knytt til revisjon av naustføresegnene. I spørsmål om nauststorleik har Fylkesmannen i desse sakene opna for ei meir fleksibel og differensiert tilpassing. Som eit resultat av dette har Sande kommune fått godkjent nauststorleik inntil 60 m<sup>2</sup>, Sandøy, Ålesund og Vestnes inntil 50 m<sup>2</sup>.

Sula kommune har i samband med kommuneplanrevisjon gjort framlegg om nauststorleik på 80 m<sup>2</sup>. Motsegn frå Fylkesmannen på dette punktet gjorde at saka vart tatt til mekling. Sula kommune har i etterkant av meklinga gjort vedtak om å halde fast på sitt opphavlege framlegg om 80 m<sup>2</sup>. På bakgrunn av dette er saka oversendt KMD for endeleg avgjerd. Saka er for tida til behandling i departementet (sjå under).

#### Nye oversendingssaker i 2016

Fylkesmannen har i 2016 hatt tre uavklarte motsegnssaker for vidaresending til Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Dette omfattar *Kommuneplan for Sandøy* der Kystverket har motsegn til eit utbyggingsområde i hamneområdet i Steinshamn, *Kommuneplan for Sula* der Fylkesmannen har motsegn til punktet om flytebrygger og nauststorleik i planføresegnene, samt sak knytt til områderegulering av Sykkylven sentrum med motsegn frå fylkeskommunen av omsyn til automatisk freda kulturminne. Departementet har gjort vedtak i saka med Sandøy kommune; jf. brev av 22.08.2016. Kystverket fekk delvis medhald si motsegn til planen. Sakene med Sula og Sykkylven er for tida til behandling i departementet.


Sak	Kommune	Plantype /planområde	Motsegnspart	Tema til mekling	Oversendt MD	Møte/synfaring og deltakarar
11/9029	Sandøy	K-plan	Kystverket	Fiskerihamn	07.03.2016	20.05.2016 Sandøy kommune, FM MR, KMD, SD
12/4721	Sula	K-plan	FM MR	Nauststorleik	22.06.2016	10.10.2016 Sula kommune, FM MR, KMD, KLD Mdir
14/946	Sykkylven	RP Sykkylven sentrum	MR fylkeskommune	Automatisk freda Kulturminne	20.12.2016	17.01.2017 Sykkylven kommune, FM MR, MRfk, KLD, KLD, RA

Tabell: Oversendingssaker til Kommunal- og moderniseringsdepartementet 2016

For ei samla oversikt over vedtak i motsegnssaker oversendt MD/KMD; sjå <https://www.regjeringen.no/no/tema/plan-bygg-og-eiendom/plan--og-bygningsloven/plan/kommunal-planlegging/innsigelsessaker1/id2008038/>

Statistikk over motsegnssaker til departementet viser elles ein tydeleg tendens i retning av at færre motsegner blir tatt til følgje. Regjeringsskiftet hausten 2013 blir av mange peika på som ein viktig faktor her. I samband med dette ser vi også at omsynet til lokale forhold og til kommunane sine politiske vedtak frå departementet si side er tillagt langt større vekt i det samla vurderingsgrunnlaget enn tidlegare.

Tabellen under viser Kommunal- og moderniseringsdepartementet sin presentasjon av utfallet i motsegnssaker oversendt departementet for perioden 2005 – 2016.



Kommunal- og moderniseringsdepartementet har på sine heimesider ein nærare omtale og presentasjon av alle oversendingssaker for perioden 2000 – 2016. Oversikta for vedtak er sortert etter dato, og viser kva kommune som er involvert, kva som er formål med planen og kva som er grunnlaget for motsegna. For meir om dette; sjå <https://www.regjeringen.no/no/tema/plan-bygg-og-eiendom/plan--og-bygningsloven/plan/kommunal-planlegging/innsigelsessaker1/id2008038/>

## 8. Dispensasjonar og klager

### Kommunale dispensasjonssaker

Fylkesmannen kan gripe inn i kommunal arealforvaltning ved å klage på vedtak i kommunale dispensasjonssaker. FMMR har i 4.kvartal 2016 behandla 172 dispensasjonssaker. Samla for 2016 er det registrert 640 dispensasjonssaker. Desse fordeler seg slik:

- dispensasjon frå kommuneplan: 543 saker
  - av desse dispensasjon frå pbl §1-8: 207 saker)
- dispensasjon frå reguleringsplan: 94 saker)

	Kv. 1 01.01– 31.03	Kv. 2 01.04– 30.06	Kv. 3 01.07– 30.09	Kv. 4 01.10– 31.12	2016 01.01–31.12
Samla disp.sak KP og RP	140kp+24rp 164	133kp+20rp 153	127kp+24rp 151	146kp+26rp 172	543kp+94rp 640
Ingen merknad	61	47	66	59	233
Merknad/fråråding	85	78	67	78	308
Varsel om klage	12	26	18	29	85
Klage	6	2	2	5	17

Tabell: *Dispensasjonar og klagesaker 2016*

Tema for merknader til disp.saker	Kv. 1 01.01– 31.03	Kv. 2 01.04– 30.06	Kv. 3 01.07– 30.09	Kv. 4 01.10– 31.12	2016 01.01– 31.12.
Naturmangfald	12	24	25	13	78
Landskap	9	15	9	11	44
Friluftsliv	12	16	19	11	53
Grønstruktur	0	0	0	0	0
Strandsone	32	48	33	30	135
Vassdrag	1	3	1	0	5
Barn og unge	7	7	6	8	26
Universell utforming	0	1	1	0	2
Folkehelse	0	1	1	0	2
Landbruk	29	25	14	23	87
ROS	23	29	21	34	105
Forureining	2	2	0	3	7
Støy	6	6	5	4	21
Klima	1	0	2	0	3
Kjøpesenter	0	1	0	0	1
BATP	2	5	2	0	8
Anna	13	8	10	38	39

Tabell:

*Merknader knytt til behandling av dispensasjonssaker fordeler seg slik på plantema 2016*

Kommunestatistikk plansaker 2016

**Dispensasjon Kommuneplan (K) og Reguleringsplan (R); kommuneoversikt**

	1.kvartal 01.01 – 31.03	2.kvartal 01.04 – 30.06	3. kvartal 01.07. – 30.09	4. kvartal 01.10. – 31.12	2016 (01.01- 30.06)
Aukra	1	2	0	1	4
Aure	11	9	14	1	35
Averøy	12	7	6	11	36
Eide	2	1	2	3	8
Fræna	6	11	5	7	29
Giske	10	2	2	3	17
Gjemnes	3	6	8	4	21
Halsa	1	7	0	2	10
Haram	11	15	11	5	42
Hareid	3	1	3	0	7
Herøy	13	6	10	15	44
Kristiansund	1	1	1	5	8
Midsund	0	0	2	1	2
Molde	10	13	13	9	45
Nesset	2	1	3	3	9
Norddal	4	1	0	3	8
Rauma	8	13	11	6	38
Rindal	1	6	2	2	11
Sande	0	0	3	4	7
Sandøy	4	7	0	4	15
Skodje	9	8	9	14	40
Smøla	10	11	5	19	45
Stordal	1	0	0	1	2
Stranda	6	1	2	5	14
Sula	0	3	1	4	8
Sunndal	1	1	1	1	4
Surnadal	1	1	1	7	17
Sykkylven	3	3	6	2	14
Tingvoll	1	3	0	3	7
Ulstein	4	4	3	2	13
Vanylven	0	1	1	1	3
Vestnes	4	6	6	5	21
Volda	3	8	5	4	24
Ørskog	4	2	1	5	17
Ørsta	3	7	6	5	21
Ålesund	7	6	8	5	26
T.s. alle kom.	162	174	151		640

Tabell: Dispensasjonssaker etter pbl 2016; kommuneoversikt

### *Store variasjonar kommunane i mellom*

Oversikt over dispensasjonssøknader kommunevis, viser at det er store skilnader kommunane i mellom. I fleire kommunar ligg talet på dispensasjonssøknader svært høgt målt i forhold til talet på planaktivitet og plansaker elles. Både kommunane og Fylkesmannen har felles interesse av at det blir færre dispensasjonar etter plan- og bygningslova. Frå Fylkesmannen si side blir det her peika på at oppdaterte og gode planar vil gi politikarane og administrasjonen gode og tydelege styringsverktøy. Gjennom dette vil behovet for dispensasjonar kunne reduserast.

Der er likevel viktig å understreke at ei rekke andre faktorar må trekkast inn for å forklare årsakene til omfanget på dispensasjonssaker. Type, innhald og omfang i dei ulike sakene viser stor spennvidde. Mange av dispensasjonssakene omfattar små og avgrensa tiltak. Av sakene til høyring i 2016 ser vi m.a. at omlag 36% av høyringsbrevva frå Fylkesmannen blir sendt utan merknader.

Talet på dispensasjonssaker i den enkelte kommune vil elles kunne variere frå år til år. Vi ser likevel at det til trass for dette har danna seg nokre meir langsiktige mønster eller trendar. M.a. ser vi her at praksis knytt til bruken av dispensasjon er ulik kommunane imellom. Vurderingane som ligg bak og terskelen for kva saker kommunane oversender viser stor variasjon. Vi kan i lys av dette snakke om «kulturelle» mønster og forskjellar.

Dispensasjonssøknader fordelt kommunevis viser at Smøla, Molde, Herøy, Haram og markerer seg med flest søknader (over 40 saker). I neste skikt mellom mellom 30 og 39 søknader finn vi kommunane Rauma, Averøy og Aure. Statistikken frå 2016 samanlikna med tidlegare år viser mange fellestrekk i den kommunevise fordelinga.

### *Tema for dispensasjon*

Om lag 38 prosent av søknadene frå kommuneplan omfattar saksområde knytt til strandsoneforvaltning, jf. pbl §1-8 *Forbud mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag*. Etter plan- og bygningslova § 1-8 er det eit generelt byggeforbod i hundremetersbeltet langs sjøen. Kommunen skal legge dei statlege planretningslinjene for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen til grunn ved handsaming av søknader om tiltak her. Fleire av desse sakene gjeld søknad om dispensasjon frå plan knytt til oppføring av naust og flytebrygge. Også saksområde knytt til landbruk/jordvern-interesser er godt representert. Fleire av desse sakene gjeld dispensasjonssøknader knytt til om frådelling av bustad- eller hyttetomt i LNF-område.

Merknader frå Fylkesmannen omfattar ei rekke tema/saksområde. Forhold knytt til *Strandsona*, *ROS-analyse* og *Landbruk* blir oftast nemnt. Men også tema som *Naturmangfald*, *Friluftsliv* og *Landskap* går ofte igjen i høyringssvara.

### *Klager fremma av Fylkesmannen på kommunale dispensasjonsvedtak.*

FMMR har i 2016 påklaga 17 kommunale vedtak knytt til søknader om dispensasjon og sendt varsel om klage knytt til heile 87 saker. Både talet på klager og varsel om klage ligg vesentleg høgre enn for dei to føregåande åra. For 2015 vart det til samanlikning påklaga 8 saker og registrert 51 varslar om klage, mot tilsvarende 4 klager og 48 varslar om klage for 2014.

## 9. Oppsummering

### *Forventningar og krav til Fylkesmannen*

I embetsoppdraget for 2016 (jf. Virksomhets- og økonomiinstruksen og Tildelingsbrevet) peikar Kommunal- og moderniseringsdepartementet på Fylkesmannen si rolle knytt til aktiv oppfølging og deltaking i regionale og kommunale planprosessar. Fylkesmannen skal legge særleg vekt på å formidle nasjonale føringar og interesser slik desse m.a. kjem til uttrykk gjennom nasjonale forventningar, stortingsmeldingar, statlege planretningslinjer/rikspolitiske retningslinjer og bestemmelsar.

Fylkesmannen si samordningsrolle i forhold til statlege regionale myndigheter blir framheva, likeeins behovet for å prioritere deltaking i regionalt og kommunalt planarbeid frå ei tidleg fase, og varsle om eventuelle konflikhtar så snart som muleg. Ei viktig oppgåve for Fylkesmannen vil i samband med dette også vere å sikre kommunane ansvar og tilstrekkeleg lokalt handlingsrom innanfor dei rammer og retningslinjer som er gitt frå nasjonalt og regionalt nivå. Styringssignala frå departementet peikar m.a. her på at:

- Flest mulig saker skal løysast så tidleg som råd
- Krav om meir effektiv behandling av plansaker etter pbl
- Sørge for tidleg medverknad og dialog
- Viktige interesser skal kome fram så tidleg som mulig
- Rask og effektiv saksbehandling
- Hensynet til lokaldemokratiet skal tillegast større vekt
- Motsegn skal berre fremjast når nødvendig og skal alltid grunngivast konkret.
- Fylkesmann og fylkeskommune skal samarbeide og samordne motsegner m.a. gjennom bruk av planforum og gjennom mekling.

Departementet har sett i gang prøveordningar med utvida oppgåver/fullmakt til Fylkesmannen knytt til samordning av statlege motsegner. Forsøksordninga har omfatta seks fylke, og vart i 2015 utvida til å omfatte seks nye. FMMR har frå 01.04.2015 deltatt i denne utvida forsøksordninga.

### *Særleg søkelys på barn og unge*

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har sett barn og unge på dagsorden gjennom ei særskild satsing på tvers av fagavdelingane. Denne satsinga, *Betre oppvekst* (BO), rettar søkelys på barn og unge sine oppvekstvilkår i Møre og Romsdal. Med barn og unge meiner vi alle mellom 0 og 20 år.

Hovudmål for BO-satsinga er at barn og unge sine oppvekstvilkår skal bli vurdert i alle avgjersler og i all aktivitet hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal. *Betre oppvekst* er eit samarbeids- og samordningstiltak for heile embetet. Satsinga skal både direkte og indirekte føre til at arbeidet retta mot gruppa barn og unge skal blir meir heilskapleg og målretta. BO-satsinga er kopla til FN's barnekonvensjon og er direkte og indirekte forankra i sentrale og lokale styringsdokument.

I plansaksbehandlinga har Fylkesmannen i særleg grad utfordra kommunane i forhold til å ta særskild omsyn til barn og unge sine interesser. Dette omfattar m.a. krav til gode og trygge oppvekstmiljø gjennom tilrettelegging og opparbeiding av leikeplassar, friareal og gang- og sykkelveggar.



### *Framleis mange saker og stor aktivitet*

Statistikken over plan- og dispensasjonssaker etter plan- og bygningslova til behandling hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal for 2016 er langt på veg i samsvar med fjoråret. Samla sett er det i 2016 registrert nokre fleire saker/ekspedisjonar enn i 2015 (auke frå 1086 til 1119). Talet på plansaker har auka (frå 479 til 448), medan talet på dispensasjonssaker har halde seg relativt konstant (frå 638 til 640).

### *Store variasjonar og stor spennvidde*

Det er viktig å understreke at plan- og dispensasjonssakene varierer både i type, innhald og omfang – på same måte som plansituasjonen og planaktiviteten kommunane i mellom varierer. For å finne meir utfyllande forklaringar på observasjonar og utviklingstrekk vil det derfor vere behov for å gå nærare inn i statistikken. Mange av plansakene er både komplekse og konfliktfylte, og krev tett oppfølging i form av møte og synfaringar. Dette gjeld i første rekke mange av kommuneplansakene. Også fleire av dei interkommunale og regionale plansakene har vore omfattande og ressurskrevjande.

### *Motsegn og mekling*

Statlege og regionale organ kan fremje motsegn mot kommunale planar som er i strid med nasjonale og viktige regionale interesser. FMMR har i 2016 fremma motsegn til 79 planar (69 reguleringsplanar og 10 kommuneplanar). I høve til det talet på plansaker samla er det likevel få motsegner. Mange av motsegnene er elles av meir «teknisk» karakter som gjerne viser seg lett å rette opp. Gjennom tidleg kontakt og tett dialog undervegs i planprosessane har ein lykkast med å finne løysingar utan å gå vegen direkte om formell mekling. Motsegnstema som oftast går igjen er forhold knytt til *Barn og unge*, *ROS-analyse* og *Støy*.

### *Statleg samordning av kommunale planar*

FMMR har frå 01.04.2015 deltatt i forsøket med statleg samordning av motsegn til kommunale planar etter plan- og bygningslova. Fylkesmannen har i samband med dette fått eit utvida samordningsansvar retta mot andre statlege institusjonar. Forsøksprosjektet går ut 2016 og har i haust vore gjennom ei nasjonal evaluering med tanke på spørsmål om dette skal gjerast til ei permanent ordning. Forsøksperioden er nyleg vedtatt forlenga ut 2017. I Møre og Romsdal er Statens vegvesen den av statsetatane som oftast er motsegnspart i desse sakene. Dette utgjer i 2016 heile 17 av i alt 22 saker som er omfatta av ordninga.

### *Kommuneplanen som styringsverktøy i arbeidet med kommunal utvikling og omstilling*

Gjennom arbeidet med kommunale planstrategiar har kommunane i sterkare grad retta søkelyset mot ei meir systematisk, tverrsektoriell og langsiktig planleggingstenking. Dette ser vi m.a. i forhold til tema som barn og unge, levekår, folkehelse universell utforming og klima. I arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel ser vi ofte at dette er tema som inngår som gjennomgåande perspektiv. Frå sentralt hald er behovet for oppdaterte kommuneplanar peika på som eit viktig vilkår for utvikling og styring av kommunane som samfunn og som organisasjon. Departementet har understreka at Fylkesmannen har ei særskilt oppgåve med å sjå til at kommunane har oppdaterte kommuneplanar. I eit eige brev til kommunane har statsråden også understreka at planstrategiarbeidet må samordnast med den pågåande kommunereforma, og det utgreiings- og analysearbeidet som blir utarbeidd i samband med dette.

Gjennom førre runde med kommunale planstrategiar varsla dei fleste kommunane i fylket oppstart med hovudrullering av sine kommuneplanar i løpet av perioden 2011 – 2015. Dette omfatta både samfunns- og arealdelen. Status i dag viser at dei fleste av kommunane er godt i gang med slik rullering, og fleire har også fått gjort vedtak om nye, oppdaterte planar.

#### *Nye krav til kommunal planlegging – spørsmål om kompetanse og kapasitet*

Innføring av ny plan- og bygningslov i 2008 har stilt nye og utvida krav til Fylkesmannen både som sektormyndigheit og som samordnar. *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging* og *Kommunal planstrategi* har stilt kommunane over for nye oppgåver og utfordringar. Med større vekt på kommuneplanens samfunnsdel som eit overordna strategisk styringsdokument, vil dette legge føringar for både arealplanlegginga og verksemdsplanlegginga i kommunane. Ei utfordring for mange kommunar er likevel knytt til spørsmål om både kompetanse og kapasitet på planområdet. Særleg ser vi at fleire av dei mindre kommunane er avhengige av å kjøpe fagtenester.

Søkelyset på ei meir integrert og samordna kommuneplanlegging vil elles naturleg ta utgangspunkt i tverrfaglege tema som *Berekraftig utvikling, Klima, Barn og unge, Universell utforming* og *Folkehelse*. I samband med dette vil Fylkesmannen saman med fylkeskommunen spele ei meir aktiv rolle i forhold til kommunane sitt behov for tidleg kontakt, rettleiing og oppdatert plankompetanse. Fylkesmannen og fylkeskommunen fekk i 2016 tildelt 150.000 kr frå KMD til nye opplæringstiltak retta mot kommunane. Desse midlane vart hausten 2016 nytta til ein regional plankonferanse med om lag 130 deltakarar. Konferansen hadde kommunane som hovudmålgruppe, men opna også for deltaking frå private konsulentar og rådgivarar

#### *Ny runde med kommunale planstrategiar*

Kommunane i Møre og Romsdal står no midt oppe i ei ny runde med utarbeiding av kommunale planstrategiar for planperioden 2016 – 2020. Søkelyset blir her retta mot utfordringar og strategiske val for regional og lokal utvikling, samstundes som status for overordna planar etter plan- og bygningslova og planar for ulike kommunale tenesteområde nærare gjennomgått og vurdert. Arbeidet med dei kommunale planstrategiane har vore nær kopla til kommunereformarbeidet og utgreiingsarbeidet i samband med dette. For dei av kommunane som frå 2020 inngår i nye kommunekonstellasjonar vil det her vere aktuelt å gå ei ny revisjonsrunde med tanke på utvikling av felles planstrategiar.

Fylkesmannen har eit særleg ansvar for at nasjonal politikk blir formidla og følgd opp i behandling av kommunale og regionale planar. Fylkesmannens oppgåver ved regional- og kommunal planlegging er sentrale verkemiddel for å gjennomføre regjeringa sin politikk på ei rekke område. Gjennom den pågåande høyringsrunden med utkast til kommunale planstrategiar vil Fylkesmannen i sine høyringsfråsegner kunne gi direkte innspel tilbake til kommunane på ei rekke ulike fag- og tenesteområde. Alle fagavdelingane hos Fylkesmannen er involvert i dette høyringsarbeidet.